

Naustdal kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 16.03.2015
Møtestad: Naustdal kommunehus, møterom nord
Møtetid: Kl. 08:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet
Rådmannen i sak 13 og 14
Forvaltningsrevisor i sak 15

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

- Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
011/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/15	Skriv og meldingar 16.3.15
013/15	Tilsyn fosterheimsbarn i Naustdal kommune
014/15	Prosjektrekneskap - fleire investeringsprosjekt (utsett sak)
015/15	Rapport frå forvaltningsrevisjon: Gjennomgang av pleie og omsorg
016/15	Oppfølgingsliste 2 - 2015
017/15	Eventuelt

Med helsing

Randi Elvebakk Reiakvam
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 16.03.2015	Saksnr 011/15
-------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/137
-----------------------------------------	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 16.03.2015	Saksnr 012/15
-------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 15/139
-----------------------------------------	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 16.3.15

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	09.02.2015	Svarbrev rådmannen i Naustdal, vurderingar risiko misleghald, d. 27.01.15	15/333
2	18.02.2015	Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Naustdal kommune	15/417
3	27.02.2015	FKT fagkonferanse på Gardermoen 3.-4. juni 2015. Invitasjon	15/490

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



NAUSTDAL KOMMUNE

RÅDMANNEN

KOMMUNEREVISJONEN

Ytre Sogn og Sunnfjord

KRYSS-REVISJON

KRYSS-REVISJON

Postboks 487

6801 FØRDE

Dato: 09.02.2015 Off:
Sak nr. 007-2015 Regnr:
Arkiv: 216
Avd.kode: 1433
Sakshandsamar T.F.

Sakshandsamar:

Øyvind Bang-Olsen

Telefon:

578 16 119

Vår ref.

ØBO/09/5-14/K1-210

Dykkar ref.

Dato:

27.01.2015

Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald

Viser til dykkar skriv 20.01.15.

Svara er sette opp punktvis som i skrevet:

Spørsmål:

Rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskapa kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald

Svar:

Rådmannen er ikkje kjent med at det ligg føre feil i rekneskapet som fylgje av misleghald.

Spørsmål:

Kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen - inkludert eventuelle betydelege risiko for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald

Svar:

Vi har gjennom våre rutinar for "Rammebudsjettering, inkludert budsjett disiplin, delegasjon, bruk av administrative fullmakter og tiltak ved forventa overforbruk" lagt til rette for rett bruk av budsjettmidlar. Vidare gjennom "Innkjøpsreglement for Naustdal" sikre korrekt handtering av innkjøp i høve til krav om anbod m.m. Dei generelle rekneskapsrutinane vil og vere med på å sikre at ikkje nokon urettvist tileignar seg eller andre midlar. Det vert kvar månad lage ein rekneskapsrapport som vert sendt formannskapet. Denne har vore handsama i kommunestyret etter 4, 6 og 8 månader. Tilvisingsretten er berre gitt til kommunal sjefane og seksjonsleiarane.

Spørsmål:

Kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Naustdal kommunestyre vedkomande slike prosessar

Svar:

Spørsmål vedkomande misleghald har vore tema i møte med kommunestyret. Tema etikk og korrupsjon var sett på dagsorden våren 2013. Det vart gjennomført eit seminar i etikk der kommunestyrar, kommunalsjefane og seksjonsleiarane tok del. Elles har kommunestyret gjeve rådmannen fullmakt til å bruke budsjettmidlar. Rådmannen står fritt med omsyn til vidaredelegasjon.

Spørsmål:

Kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd

Svar:

Det gjennomført utviklingssamtaler med kvar einskild seksjonsleiar. Vi har fokusert på leiing, kommunikasjon, samarbeid og verdiar. Elles har vi faste møter med seksjonsleiarane, hovudtillitsvalde og faste møter med økonomikontoret. Det har vore eit arbeide med internkontroll vedkomande «Informasjonssikkerheit» jfr. Personopplysningslova. Datatilsynet har i skriv 28.08.2013 m.a. skrevet slik: *»I brev av 12.august 2013 har Naustdal kommune dokumentert at det er gjennomført en prosess med å etablere og at det er implementert en tilfredsstillende internkontroll i kommunen.»*

Spørsmål:

Om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktisk, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen.

Svar:

Rådmannen kjenner ikkje til at det har føregått eller foregår misleghald frå tilsette si side eller at det har kome påstandar om slikt misleghald.

Spørsmål:

Om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast mislegheiter som kan knytast til *relasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:

- kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året.

Svar:

Ole Erik Thingnes – tilsett i NBN Installasjon a/s
Harald Kvame (styreleiar) Steinar Kvame (dagleg leiar) i Entreprenør firmaet H. Kvame.

- kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og

Svar:

Desse er kommunestyrerepresentantar i Naustdal kommune.

- korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane

Svar:

Entreprenør firmaet H. Kvame fekk i 2014, etter konkurranse, anbod på ras sikring Lunden barnehage til 1,3 mill. kroner. Elles har nemnde kommunestyre representantar i den seinare tid ikkje vore engasjert i større ordre. Dei representerer ein av to/tre firma kommunen nytter. Dei vert nytta på mindre einskildoppdrag. Dei er aktuelle fordi dei kan ta på seg oppdrag umiddelbart.

Rådmannen har ikkje kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast misleg heiter som kan knytast til transaksjonar med desse.

Med helsing

Øyvind Bang-Olsen
Rådmann



Kommunestyret i Naustdal
Postboks 43
6806 NAUSTDAL

Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Naustdal kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sin årsrapport. Sum årsverk gjeld totalt på skatteoppkrevjarkontoret i Førde som omfattar kommunane Gaular, Førde og Naustdal:

Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013	Tal årsverk 2012
5,15	5,15	5,35



2.2 Organisering

Naustdal kommune deltar i interkommunalt samarbeid, der Førde kommune er vertskommune for skatteoppkrevjarfunksjonen i Førde, Naustdal og Gaular, og for interkommunal arbeidsgjevarkontroll der òg Jølster deltek.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Naustdal kommune viser per 31. desember 2014 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 218 136 124 og uteståande restansar² på kr 5 363 899, av dette krav stilla på vent kr 504 178. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2015.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2014 for Naustdal kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2012	6,2	93,9	93,9	91,8	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2013	21,4	99,9	99,8	99,8	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2013	13,5	99,4	99,0	98,6	99,4
Forskotttrekk 2013	53,8	100,0	99,9	100,0	99,9
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2013	4,2	100,0	99,8	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2012	3,3	100,0	99,0	100,0	99,1

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Naustdal kommune er tilslutta den interkommunale kontrollsamrådet i Førde.

Resultat for kommunen per 31. desember 2014 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2014	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utførte kontrollar 2012 (i %)	Utført kontroll 2014 region (i %)
70	4	3	4,3	4,2	4,5	4,6

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2014 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 17. -18. juni 2014.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Skattekontoret har i 2014 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

5. Resultat av utført kontroll

• Intern kontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

• Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

• Skatte- og avgiftsinnkrevjing

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


• Arbeidsgjevarkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk. Arbeidsgjevarkontrollen vert likevel ikkje utført i eit tilstrekkeleg omfang då det er utført 4,3 % kontroller mot et krav på 5 %.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2014 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 27. juni 2014.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Naustdal kommune
- Skatteoppkrevjaren for Naustdal kommune
- Riksrevisjonen

Fra: FKT <fkt@fkt.no>
Sendt: 27. februar 2015 15:12
Til: sissel.mietinen@ffk.no; mette.rushfeldt@ffk.no;
kontrollutvalgan@ffk.no; tor-otto.gamst@kusek.no;
jan.henning.fosshaug@kusek.no; ottar.guttorm@samediggi.no;
bjorn-harald.christensen@k-sekretariatet.no; lars.hansen@salten.no;
terje.hansen@alstahaug.kommune.no;
knut.soleglad@hemnes.kommune.no;
knut.roar.johansen@vagan.kommune.no; hanspha@online.no;
post@komsek.no; liv.tronstad@komsek.no;
gunnhild.berg@komsek.no; einar.sandlund@komsek.no;
paul.stenstuen@komsek.no; per.helge.genberg@komsek.no;
jorunn.sund@komsek.no;
postmottak.kontrollkomiteen@trondheim.kommune.no;
sverre.midthjell@konsek.no; eva.bekkavik@konsek.no;
arvid.hanssen@konsek.no; jan.age.gundersen@konsek.no;
tb@kontrollutvalgjfjell.no; sd@kontrollutvalgjfjell.no;
hans.blo@mrfylke.no; harald.rogne@komrev3.no;
jostein.stoylen@vestkontroll.no; einar.ulla@sfj.no; Sekom postmottak;
Audhild Ragni Vie Alme; Arnar Helgheim; bent.gunnar.naess@nhr.no;
mette.jensen.moen@rogf.k.no; kontrollutvalet@hfk.no;
hogne.hactorson@hfk.no; roald.breistein@hfk.no; kari.nygard@hfk.no;
kjartan.haugnes@hfk.no; elin.molven@hfk.no;
ysh@advokathartmann.no; tha@kontrollutvalgene.no;
ogh@kontrollutvalgene.no; ole.hopperstad@bergen.kommune.no;
gudny.spjeld@bergen.kommune.no;
wencke.sissel.olsen@sandnes.kommune.no;
perkare.vatland.rks@sandnes.kommune.no;
jane.idland.rks@sandnes.kommune.no; kjell.ivar@asekretariat.no;
willy.gill@asekretariat.no

Emne: FKT fagkonferanse på Gardermoen 3.-4. juni 2015. Invitasjon (Sekr1)
Vedlegg: FKT Fagkonferanse program 2015.pdf

Til kontrollutvalgets sekretariat:

- Invitasjonen går her til alle sekretariat, selv om mange av dere har fått den som FKT-medlem.
- Noen vil også få den videresendt fra postmottak i kommunene.
- Nydelig om dere viderefremidler invitasjonen til hele kontrollutvalget, og ikke bare til lederen.

Gode kollegaer!

Vi vil med dette ønske velkommen til Forum for Kontroll og Tilsyns fagkonferanse 2015.

- Sted: Thon Hotel Oslo Airport, Gardermoen

- Tid: 3. - 4. juni 2015
- For medlemmer (kontrollutvalg og sekretariat) avholdes også årsmøte
- Programmet er vedlagt.

Av et rikholdig fagprogram kan nevnes:

- Stortingets kontrollarbeid v/ stortingsrepr. **Martin Kolberg**
- Antikorrupsjonsarbeid v/ partner **Alexandra Beck Gjørsv**
- Kommuneutvalgets arbeid i sluttfasen v/ utvalgets leder **Oddvar Flæte**
- Skråblikk v/ professor **Ingvard Wilhelmsen** fra Hypokonderklinikken («Hysterisk morsom»)

Vi kan også by på et sosialt program:

- Utflykt til Eidsvoll, med omvisning i den nyrestaurerte Eidsvollsbygningen.
- Jubileumsmiddag (FKTs 10-års jubileum) på konferansehotellet, med underholdning.

Meld deg på via vår hjemmeside www.fkt.no <<http://www.fkt.no/>> Her kan du og lese mer om konferansen.

- **Påmelding** er bindende, med frist **10. april** d.å.

Vi ser frem til å møte deg på Gardermoen - og send gjerne invitasjonen videre til flere som kan ha glede av konferansen.

Ordførere må gjerne besøke oss på FKT sin stand under KS sitt Kommunalpolitiske toppmøte i Oslo, 8. april d.å.

Med vennlig hilsen

Styreleder Per Rune Vereide
Daglig leder Hogne Haktorson

For eventuelle spørsmål eller utfyllende opplysninger kontakt:

. hogne.haktorson@fkt.no <<mailto:hogne.haktorson@fkt.no>> Tlf. 55 23 94 53 / Mob.91 10 59 82
. roald.breistein@fkt.no <<mailto:roald.breistein@fkt.no>> Tlf. 55 23 94 47 / Mob. 97 50 51 52



FAGKONFERANSE KONTROLL OG TILSYN

Gardermoen 3-4. JUNI 2015

Årsmøte i Forum for Kontroll og Tilsyn 3. juni 2015



www.fkt.no

Dag 1	Onsdag 3. juni 2015
09.00 – 10.00	Registrering med mat
10.00 – 10.15	Velkommen til fagkonferansen. Per Rune Vereide, styreleder FKT
10:15 – 10.45	Stortingets kontrollarbeid Martin Kolberg, leder av stortingets kontroll og konstitusjonskomite.
10.45 – 11.00	Spørsmål og kommentarer fra salen
11.00 – 11.45	Kontrollutvalg i perspektiv. Ordfører – navn kommer. Siri Lønseth, tidligere kontrollutvalgsleder i Sør Trøndelag fylkeskommune Gudrun Haabeth Grindaker, rådmann i Halden kommune
11.45 – 12.00	Spørsmål og kommentarer fra salen
12.00 – 12.15	Pause (Kaffe)
12.15– 12.45	Kontrollutvalget som ressurs? Harald Danielsen, rådmann i Arendal kommune og leder av det sentrale Rådmannsutvalget i KS, 2013-2015
12.45 – 13.00	Spørsmål og kommentarer fra salen
13.00 – 14.00	Lunsj
	ÅRSMØTE I FKT
14.00 – 14.30	Registrering årsmøtet i FKT
14.30 – 15.30	Årsmøte FKT
16.15	Sosialt arrangement – Utflukt til Eidsvoll 1814 med omvisning.

Dag 2	Torsdag 4. juni 2015
09.00 – 09.45	Antikorrupsjonsarbeid i kommunene Alexandra Beck Gjørnv, partner i advokatkontoret Hjort DA
09.45 – 10.00	Spørsmål og kommentarer fra salen
10.00 – 10.15	Pause
10.15 – 11.00	Hvorfor bør <u>du</u> velge et verv i kontrollutvalget? Tre kontrollutvalgsledere forteller om sine erfaringer. Fride Solbakken, leder kontroll - og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune. Solfrid Horne – Moe, Kontrollutvalgsleder i Odda kommune. Kontrollutvalgsleder – navn kommer.
11.00 – 11.15	Spørsmål og kommentarer fra salen
11.15 – 11.30	Utsjekk
11.30 – 12.30	Lunsj
12.30 – 13.00	Kommunelovutvalgets arbeid i slutfasen Oddvar Flæte, leder i kommunelovutvalget
13.00 – 13.15	Spørsmål og kommentarer fra salen
13.15 – 13.30	Pause
13.30 – 14.00	Evaluering av kontrollutvalg og sekretariat. (Hovedfokus på kontrollutvalgets arbeidsmetoder, herunder arbeid med plan og analyse) Birte Bjørkelo, Director Deloitte AS
14.00 – 14.15	Spørsmål og kommentarer fra salen
14.15 – 14.45	Skråblikk Ingvard Wilhelmsen, professor klinisk institutt 2/ Hypokonderklinikken
14.45 – 15.00	Avslutning ved leder i FKT

PRAKTISK INFORMASJON

INFORMASJON OM ÅRSMØTE

Årsmøtet er kun for medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, altså innen 22. april 2015

Styret sender ut sakspapirene 2 uker før årsmøtet, innen 20. mai 2015

Dersom din kommune / ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 20. mai 2015

Leder i valgkomiteen: Jan Løkken, daglig leder i Follo interkommunale kontrollutvalgssekretariat (FIKS) / jan.lokken@as.kommune.no / Mobil: 95939656 / Tlf. 64962058

Ønsker du mer informasjon eller medlemskap i FKT? Se hjemmesiden www.fkt.no eller kontakt sekretariatet.

KONTAKTINFORMASJON TIL SEKRETARIAT:

Hogne Haktorson: Tlf. 55 23 94 53 / 91 10 59 82 eller Roald Breistein: Tlf. 55 23 94 47 / 97 50 51 52

E- postadresse: fkt@fkt.no

PÅMELDING

Påmelding via FKTs hjemmeside: www.fkt.no

Bindende påmelding **innen fredag 10. april 2015**

Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr. 500,- i tillegg til eventuelle kostnader FKT får til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltageravgift.

DELTAKERAVGIFT

- Deltagelse med overnatting: Kr. 5.800,- (Ikke medlem kr. 6.250,-)
- Deltagelse uten overnatting, sosialt arrangement og middag: Kr. 4.700,- (Ikke medlem kr. 5.100,-)
- FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).
- Ekstra overnatting 2. – 3. juni 2015: Kr. 1.250,-

ANNEN INFORMASJON

FKTs 10 års jubileum.

- FKT ble stiftet i 2005, og feirer 10 års jubileum under fagkonferansen i 2015. Vi nevner:

Utflukt til Eidsvoll 1814.

- Vi besøker Eidsvollsbygningen - nyrestaurert til Grunnlovsjubileet for et knapt år siden.
- Dessuten besøker vi publikumssenteret Wergelands hus.

Jubileumsmiddag på konferansehotellet.

- Aperitiff før middagen
- Underholdning
- Jubileumstaler

Thon Hotel Oslo Airport. - Flybuss S-22.

Shuttlebuss fra Oslo Airport går fra nedre plan (ankomstetasje.)

- Du passerer taxiholdeplassen. Bussen er merket S-22.
- Avgang like før og etter konferansen: hvert 15. min. Reisetid 14 min.
- Bussen passerer Scandic Gardermoen og Thon Hotel Gardermoen. Du går av på tredje stopp: **Thon Hotel Oslo Airport.**

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 16.03.2015	Saksnr 013/15
-------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FA-F41, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 15/68
-----------------------------------------	-------------------------------------	------------------------------

Tilsyn fosterheimsbarn i Naustdal kommune

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Saksutgreiing:

Vi viser til informasjon frå rådmannen i kontrollutvalsmøte den 30. januar 2015. Det vart gjort følgjande vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering. Rådmannen informerer på nytt i neste kontrollutvalsmøte.

Saka vert difor sett opp att som orienteringssak på møte 16. mars.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 16.03.2015	Saksnr 014/15
-------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/255
-----------------------------------------	-------------------------------------	-------------------------------

Prosjektrekneskap - fleire investeringsprosjekt (utsett sak)

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
09.03.2015	Rapport-prosjektrekneskap-2015.docx	1884
08.01.2015	Revisoruttale prosjekt Vevring skule rehabilitering og ombygging kommunehuset	1251
06.01.2015	Revisoruttale Prosjekt Gardsbøen trinn 1 og 2.pdf	1218
09.03.2015	Foreløpig rapport_nov2010.pdf	1235
09.03.2015	Sluttrekneskap for investeringsprosjektet - oppdatert.pdf	1216
29.12.2014	Prosjektrekneskap Naustdal - brev datert 29 des 2014	1177

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet har ikkje merknad til dei framlagde prosjektrekneskapane.

Utvalet viser til følgjande frå KRYSS Revisjon:

- Brev av 29.12.14 om framlegging av prosjektrekneskap
- Revisjonsuttale av 6.1.15 om Gardsbøen trinn 1 og 2
- Revisjonsuttale av 8.1.15 om Vevring skule, rehabilitering og Ombygging kommunehuset

...

Saksutgreiing:

Saka vart utsett frå møte den 30. januar 2015 jf klipp frå møteboka:

Handsaming i Naustdal kontrollutval 30.01.2015:

Rådmann Øyvind Bang-Olsen informerte. Dersom saka vert utsett, kan administrasjonen lage ei eiga saksutgreiing om avslutning av investeringsprosjekta.

Framlegg i møtet:

Saka vert utsett til neste møte.

Framlegg i møtet vart samrøyses vedteke.

Naustdal kommune har no laga saksutgreiing om avslutning av prosjekta og denne er lagt ved. Vi viser elles til saksdokumenta og utgreiing som vart lagt fram til møte den 30. januar.

Utgreiing til møte 30.1.15:

Sekretariatet viser til brev og uttalar frå KRYSS Revisjon som er lagt ved saka. I brev av 29.12.14, orienterer revisor generelt om dei investeringsrekneskapane som Naustdal kommune har lagt fram i dokumentet «Sluttrekneskap for investeringsprosjektet - oppdatert». I dokumentet, er det prosjektomtale, referanse til vedtak og finansiering i tillegg til rekneskapsoversyn.

Prosjekt jf Gjennomgang frå Naustdal kommune	
Opprusting Bruer	Asfalt sentrum
Kjøp av eigedom frå Audstein Erdal	Kloakkrenseanlegg Naustdalsneset
Asfalt Nyanlegg 2010	Vassleidning Lonene – Horstadvatn
Rehabilitering nye vegar 2010	Maskinpark 2009
Investering kommunale vegar	Utskifting PCB- armatur
Tomt Barnehage 2011	VA-anlegg Ospeteigen, vatn
Horstad Barnehage	Vassforsyning Mallasvik- Sæla
Kunstgrasbane	Breiband – anleggsbidrag
Naustdal kyrkjegard, Reiskapshus	Gardsbøen trinn 1 og 2
Vevring skule –rehabilitering	Løkentunet
Rampen Ungdomsklubb	Budeia
Ombygging kommunehuset	

I brevet av 29.12.14, oppsummerer revisor sitt arbeid slik:

- Vi registrerer at alle prosjekter er aktivert i balanserekneskapen for avskrivning.
- Vi gjer merksam på at alle prosjekt går inn som del av Naustdal kommune sine årlege investeringsrekneskap.
- Vi registrerer at prosjektkostnadane er finansiert gjennom Naustdal kommune sine årsbudsjett.
- Grunna at prosjektkostnader og vedtak for mange av prosjekta skriv seg fleire år tilbake i tid, har revisjonen valgt å ikkje utføre fullstendig kontroll av detaljane i alle prosjektrekneskapane.
- Vi har valgt å utføre fullstendig kontroll av det som gjeld følgjande prosjekt:
 - 173/1020 Ombygging kommunehuset
 - 130/151 Vevring skule rehabilitering
 - 131/2000 Gardsbøen trinn 1 og 2.

Sekretariatet viser spesielt til andre kulepunkt i oppsummeringa og er samd i at det er naturleg med ein forenkla gjennomgang frå revisor sis side. Alle prosjekta går inn som ein del av den årlege investeringsrekneskapen i kommunen. Som del av årsrekneskapen, har dei tidlegare vore ein del av revisjonsarbeidet til KRYSS Revisjon. Ein ny og fullstendig gjennomgang vil vere delvis dobbelarbeid i tillegg til at det er ekstra ressurskrevjande å gå mange år tilbake i tid.

SEKOM-sekretariat tilrår at kontrollutvalet uttalar at ein ikkje har merknad til dei framlagde prosjektrekneskapane. Vi tilrår også at utvalet for ordens skuld tek med kva dokument frå KRYSS Revisjon som ligg til grunn for uttalen.

RAPPORT

INVESTERINGSPROSJEKT GARDSBØEN BUFELLESSKAP.

Planarbeidet for etablering av omsorgsbustadar i Naustdal sentrum vart starta opp i samband med planlegging av ut / ombygginga ved Naustdal sjukeheim. Kommunestyret bad i sak 65/2000 plannemnda for denne ut/ombygginga om også å:

- *planlegge og kostnadsrekne eit bukollektiv med 6 omsorgsbustadar, plassert i*

Av økonomiske årsaker vart prosjektet etter dette lagt delvis på is. Etter at ein annan kommune i fylket tidleg på året 2006 sa frå seg tildelte investeringstilskot, og Fylkesmannen omfordelte 10 av desse (skriv datert 12.06.2006) til Naustdal og Gardsbøen-prosjektet, vart planarbeidet teke opp att.

Kommunestyret godkjende i sak 12 og 13 / 2007 prosjektet med oppdatert kostnadskalkyle, 20 mill. kr, med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning for naudsynt låneopptak. Rådmannen fekk fullmakt til, saman med byggenemnda, å innhente tilbod og inngå kontrakt for byggearbeidet. Det vart i same sak gjort vedtak om kjøp av grunn, og ordføraren fekk fullmakt til å inngå avtale med grunneigar

Etter noko forhandlingar, lukkast det å inngå frivillig avtale med grunneigar, om kjøp av naudsynt areal på Gardsbøen. Grunnkjøpet omfattar eit samla areal på 6.537 m². I sør/vestre del av arealet er ca 1000 m², som evt. kan nyttast til vidare utbygging. Heile grunnkjøpet er rekneskapsført på byggeprosjekt Gardsbøen bufellesskap.

I byggeperioden vart det gjennomført regulemessige byggemøte, (ca 2 møte pr. mnd) med deltaking frå totalentreprenør, underentreprenørar, arkitekt og byggherre. Totalentreprenør hadde ansvar for gjennomføring av desse møta.

Bygget vart overlevert til byggherre 15.07.2008. Sidan det på det tidspunktet framleis gjestod arbeid på dei tekniske anlegga vart det ved dette høvet berre gjennomført ferdigsynfaring på dei byggtekniske sidene ved bygget. Bygget vart overteke med atterhald om utbetring av mangelliste, og seinare gjennomgang av dei tekniske anlegga.

VVS-leverandøren var først stadfesta 21.01.2014 avtale om fordeling av fakturert kostnad med pumpehavariet. Kommunen vurderer etter dette at punkt i Avslutningsprotokoll om sluttoppgjer til Totalentreprenør er oppfylt.

Det er ikkje levert grunnlag for utsteding av ferdigattest for byggeprosjektet. Dagens bruk av bygget som base for Heimetenester for funksjonshemma er basert på mellombels bruksløyve frå august 2008. Med bakgrunn i at bygget har fungert etter intensjonane i 6 ½ år, ser ein det som aktuelt for kommunen, uavhengig av entreprenør, å ta steg for å få formell ferdigattest og bruksløyve.

Rekneskapan for prosjektet er oppgjort i samband med rekneskapsavlutninga for 2011, med ein samla kostnad på 23.998.172,62 kr. D.v.s. Ei budsjettoverskriding (20.000.000) på nær 20%. Ein betydeleg del av overskridinga vert dekkja av øyremarka investeringstilskot på tilsaman 2.175.600 kr.

Rekneskap Investerings-Prosjekt 2000 – Gardsbøen bufellesskap trinn 1 og 2

Konto	Konto(T)	Ansvar	Teneste	Rekneskap	
100	Fast løn	300	31500	75 000,00	
1150	Matvarer	300	31500	972,48	
1201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)	300	31500	211,20	
1950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	300	31500	42 499,00	
2000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	300	31500	294 432,83	
2000	Sum Gardsbøen trinn 1 og 2			0,00	
2302	Byggetenester	300	31500	15 536 875,50	
2800	Grunnerverv	300	31500	1 395 029,78	
2900	Internkjøp	300	31500	63 000,00	
3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	300	31500	1 559 218,81	
3700	Kjøp av tenester frå andre (private)	370	31500	17 073,75	
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	300	31500	4 182 719,66	
4290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	370	31500	4 268,44	
5300	Dekning av tidl. års udekka	300	88000	826 871,17	
					23 998 172,62
8100	Andre statlege overføringar	300	31500	-2 175 600,00	
9109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	300	31500	-20 951 747,36	
9109	Bruk av lån - inv.rekneskapet m/spes	300	87000	-34 334,69	
					-23 161 682,05
9700	Overføringar frå driftsrekneskapet	300	31500	-7 912,02	
9700	Overføringar frå driftsrekneskapet	370	31500	-1 707,38	
9800	Rekneskapsmessig meirforbruk	300	31500	-34 334,69	
9800	Rekneskapsmessig meirforbruk	300	89900	-792 536,48	
					-836 490,57

Vevring skule - rehabilitering

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Vevring skule rehabilitering	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	9 500 000	7 110 514
Inventar og utstyr		384 796
Lønsumgifter		142 000
Andre utgifter		5 600
Meirverdiavgift		1 862 559
Sum utgifter	9 500 000	9 505 469
Bruk av lån	-9 500 000	-9 415 194
MVA-kompensasjon		-90 274
Sum finansiering	-9 500 000	-9 505 469

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2005	4 647 000
Budsjettendring 2005	-4 647 000
Årsbudsjett 2007	4 647 000
Budsjettendring 2007	-4 647 000
Årsbudsjett 2008	7 000 000
Budsjettendring 2008	2 500 000
Sum	9 500 000

Gjennomført:

- Nye arbeidsplassar for personalet
- Nytt ventilasjonsanlegg
- Oppgradering sanitæranlegg
- Nye vindauge og dører (innvendige og ytterdører)
- Oppgradering elektriske anlegg
- Måling/golvbelegg
- Drenering rundt bygget
- Nytt kjøkken

Vedtak i kommunestyret 19.06.08 – sak 42/08.

Kr. 4.647.000,- er finansiert med rentekompensasjon frå staten, resten med lån på vanlege vilkår.

Prosjektet er fullført med eit meirforbruk på kr. 5.469,-

Ombygging kommunehuset

Rekneskap pr. 24.06.2013 for investeringsprosjektet:			
Ombygging kommunehuset	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Byggetenester	3 710 400	2 921 899	
Inventar og utstyr		252 998	
Lønsutgifter		70 000	
Andre utgifter		92 483	
Meirverdiavgift		804 828	
Sum utgifter	3 710 400	4 142 208	-431 808

Bruk av lån	-3 710 400	-3 346 844	
Statlege overføringar		-700 000	
MVA-kompensasjon		-15 864	
Sum finansiering	-3 710 400	-4 062 707	352 307
Sum avvik			-79 501
Kr. 79.501,- utgiftsført 2013, ikkje avslutta			

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2008	1 700 000
Budsjettendring 2008	-1 700 000
Årsbudsjett 2009	400 000
Budsjettendring 2009	3 310 400
Sum	3 710 400

Vedtak i kommunestyret 13.03.2008 – sak 19/08

Gjennomført:

- Ombygging og etablering av nytt NAV-kontor
- Flytting og etablering av nytt servicekontor.
- Delvis ombygging av ventilasjonsanlegg
- Skifting av vindauge i heile bygget
- Ny solskjerming.

NAV har ytt eit tilskot på kr. 700.000,- til ombygginga.

Prosjektet er avslutta.

Naustdal kommune

kopi: kontrollutvalet

Dykkar ref.: Vår ref. : Arkivkode : Journalnr. : Dokumentdato:
2015:driftsm. 216 003/2015 08.01.2015

REVISJONSUTTALE –

Vedkomande prosjekt 130/151 Vevring skule, rehabilitering og prosjekt 173/1020 Ombygging kommunehuset.

Vi syner til vårt brev datert 29.12.2014, som gjeld framlegging av prosjektrekneskap, der vi skriv at vi vil foreta fullstendig kontroll av følgjande av dei ovannemnde prosjekta i tillegg til prosjekt 131/2000 «Gardsbøen trinn 1 og 2».

For det som gjeld «Gardsbøen trinn 1 og 2», syner vi til vår revisoruttale datert 06.01.2015.

For prosjekt 130/151 «Vevring skule rehabilitering» er alle kostnader bokført i tidsrommet 2005 -2010 og for prosjekt 173/1020 «Ombygging kommunehuset» er det alt vesentlege av kostnadane bokført i perioden 2008 – 2010.

Revisjonen ser at kontroll i forhold til vedtak og rekneskapsopplysningar så langt tilbake i tid vil vere svært tidkrevjande, og vi finn ikkje å kunne prioritere dette arbeidet no når vi førebur revisjon av årsrekneskapen for 2014.

Vi gjer merksam på at prosjekta går inn som del av Naustdal kommune sine årlege investeringsrekneskap.


Prosjektkostnadane er finansiert gjennom kommunen sine årsbudsjett og det er ikkje udekket beløp for finansiering.

Vi har ikkje motteke fullstendig evalueringsrapport for prosjekta.

Når det gjeld kostnader i forhold til vedtak og evaluering, syner vi til det som går fram i vedlegg til sak 085/14 i formannskapet den 26.11.2014.

Vi oppmodar om at det vert sett til at prosjekta er endeleg avslutta og at riktig aktivering er føreteke på balansekonto for avskriving.

Førde, 08. januar 2015


Kari Håheim Sygna
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobil tlf. 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobil tlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt mobil tlf. 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobil tlf. 47 65 50 93

Vedlegg til
sak FO 085/14

Prosjektet er gjennomført innanfor kostnadsramma, men kompensasjonen for meirverdiavgift er ført i drifta i samsvar med tidlegare regelverk. Kommunen har difor måtte finansiere opp ein andel på kr. 1.133.400,- gjennom årlege vedtak i investeringsrekneskapen. Restsum utgjer kr. 31.268,-.

Tambarskjelvar idrettslag har forskottert spelemidlane og såleis teke på seg ein betydeleg rentekostnad med dette.

Rekneskap pr. 24.06.2013 for investeringsprosjektet:			
Naustdal kyrkjegard, Reiskapshus	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Byggetenester	1 540 000	1 639 017	
Kjøp av tenester frå andre		24 000	
Meirverdiavgift	310 000	408 254	
Sum utgifter	1 850 000	2 071 271	-221 271
Bruk av lån	-1 754 000	-1 850 000	
MVA-kompensasjon	-96 000	-181 019	
Sum finansiering	-1 850 000	-2 031 019	181 019
Sum avvik			-40 252
Kr. 20.302,- rekneskapsmessig meirforbruk 2012			
Kr. 19.950,- utgiftsført 2013, ikkje avslutta.			

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2010	700 000
Årsbudsjett 2011	850 000
Budsjettendring 2012	300 000
Sum	1 850 000

2009-2013

Kommunestyresak 62/11 – 01.09.2011.

Finansiering vedteke over fleire årsbudsjett. Kalkyle oppjustert etter anbodsinnhenting.

Behov for sluttfinansiering på kr. 40.252.

Vevring skule -rehabilitering

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Vevring skule rehabilitering	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	9 500 000	7 110 514
Inventar og utstyr		384 796
Lønsutgifter		142 000
Andre utgifter		5 600
Meirverdiavgift		1 862 559
Sum utgifter	9 500 000	9 505 469
Bruk av lån	-9 500 000	-9 415 194
MVA-kompensasjon		-90 274
Sum finansiering	-9 500 000	-9 505 469

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2005	4 647 000
Budsjettendring 2005	-4 647 000
Årsbudsjett 2007	4 647 000
Budsjettendring 2007	-4 647 000
Årsbudsjett 2008	7 000 000
Budsjettendring 2008	2 500 000
Sum	9 500 000

Vevring skule - rehabilitering

Gjennomført:

- Nye arbeidsplassar for personalet
- Nytt ventilasjonsanlegg
- Oppgradering sanitæranlegg
- Nye vindauge og dører (innvendige og ytterdører)
- Oppgradering elektriske anlegg
- Måling/golvbelegg
- Drenering rundt bygget
- Nytt kjøkken

Vedtak i kommunestyret 19.06.08 – sak 42/08.

Kr. 4.646.000,- er finansiert med rentekompensasjon frå staten, resten med lån på vanlege betingelsar.

Rampen Ungdomsklubb

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Rampen Ungdomsklubb	Budsjett	Rekneskap
Byggekostnad	357 496	455 309
Inventar og utstyr		24 885
Andre utgifter		9 444
Meirverdiavgift		120 975
Sum utgifter	357 496	610 612
Bruk av lån	-357 496	-503 839
MVA-kompensasjon		-24 493
Refusjon frå Staten		-1 280
Overføring frå kommunar		-77 000
Overføring frå andre		-4 000
Sum finansiering	-357 496	-610 612

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2009	350 000
Budsjettendring 2012 - inndekking meirforbruk	7 496
Sum	357 496

2009-2012

Prosjektet er vedteke av kommunestyret i møte 13.12.07 – sak 56/07.
 Uføresette kostnader med VVS og elektrisk anlegg medførte betydelege meirkostnader.
 Etter avtale med byggeigar vart deler av desse kostnadane kompensert gjennom trekk i husleige som kommunen betaler.

Ombygging kommunehuset

Rekneskap pr. 24.06.2013 for investeringsprosjektet:			
Ombygging kommunehuset	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Byggetenester	3 710 400	2 921 899	
Inventar og utstyr		252 998	
Lønsutgifter		70 000	
Andre utgifter		92 483	
Meirverdiavgift		804 828	
Sum utgifter	3 710 400	4 142 208	-431 808
Bruk av lån	-3 710 400	-3 346 844	
Statlege overføringar		-700 000	
MVA-kompensasjon		-15 864	
Sum finansiering	-3 710 400	-4 062 707	352 307
Sum avvik			-79 501
Kr. 79.501,- utgiftsført 2013, ikkje avslutta			

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2008	1 700 000
Budsjettendring 2008	-1 700 000
Årsbudsjett 2009	400 000
Budsjettendring 2009	3 310 400
Sum	3 710 400

Vedtak i kommunestyret 13.03.2008 – sak 19/08 – etablering av nytt NAV-kontor.
 Prosjektet har seinare vorte utvida i samband med naudsynt ombygging av ventilasjonsanlegg.

Asfalt sentrum

Investeringsbudsjett vedteke 18.12.2003 ved K-sak 62/2003:

Reasfaltering- byggefelt/ distrikta: 2.000.000

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Asfalt sentrum 2004	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester		701 971
Meirverdiavgift		106 507
Sum utgifter	0	808 478
Interne overføringar		-33 977
Overføringar frå andre Eigedomsskatt)		-765 051
Bruk av fond		-9 450
Sum finansiering	0	-808 478

2004-2005

Naustdal kommune

kopi: kontrollutvalet

Dykkar ref.: Vår ref. : Arkivkode : Journalnr. : Dokumentdato:
2014:driftsm:Gardsb. 216 001/2015 06.01.2015

**REVISJONSUTTALE – PROSJEKTREKNESKAP FOR PROSJEKT 131/2000 GARDS-
BØEN TRINN 1 OG 2 - NAUSTDAL KOMMUNE.**

Prosjektperiode 2005 – 2011.

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord, KRYSS Revisjon, har den 4. desember 2014 fått forelagt prosjektrekneskapen for investeringsprosjekt «Gardsbøen trinn 1 og 2». Vi har gjennomført kontrollhandlinger som avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 - Avtalte kontrollhandlinger. Handlingane er utført for å bistå dykk i å vurdere riktigheita av prosjektrekneskapen.

Som prosjektomtale har vi motteke skriv «Førebels rapport, investeringsprosjekt Gardsbøen bufelleskap», ikkje datert. Vi syner og til omtale, ref. til orientering om prosjektrekneskap i sak FO 085/14. Vi oppsummerer slik:

- Vi registrer at prosjektperioden går over tidsrommet 2005 – 2011. Med opplysningar så langt tilbake i tid er bokføring utført i to rekneskapsystem, Agresso i perioden 2005 – 2010, og oppdatert Agresso for det som gjeld år 2011. Det alt vesentlige av kostnader er bokført i perioden 2005 – 2010. Rekneskapsbilag for det som gjeld perioden 2005 – 2010 er arkivert på fjernarkiv og er ikkje lagra elektronisk. Kontroll av bokførte bilag for denne perioden ville vere svært arbeidskrevjande. Vi har derfor valt å gje vår uttale på grunnlag av bokføring på prosjekt 131/2000 «Gardsbøen trinn 1 og 2» i investeringsrekneskapane til Naustdal kommune, utan å gå inn i rekneskapen og sjå på underliggende bilag.
- Vi stadfestar at samla bokførte kostnader på prosjektet er på kr 23.171.301,-.
- For det som gjeld kostnadsramme og finansiering, syner vi til vedtak i kommunestyret i sak 013/07, der det kjem fram at kostnadskalkyle for rekna til 20 mill.
- I forhold til kostnadskalkyle syner prosjektet såleis eit meirforbruk på kr 3.171.301,-.
- Vi gjer merksam på at prosjektet er finansiert gjennom kommunen sine årlege investeringsbudsjett og etter det vi har avklara er det ikkje udekka beløp for finansiering.
- Av totalkostnaden på kr 23.171.301,- er kr 23.133.981,- aktivert i Naustdal kommune sin balanse, med avskrivning tid 40 år. Etter det vi kan sjå, er bokført kostnad i år 2011 på kr 37.320,- ikkje aktivert på prosjektet i balansen.
- Av samla kostnad på kr 23.171.301,- er kr 1.395.029,- bokført som «grunnerverv». Vi gjer merksam på at tomtekostnader skal aktiverast som anleggsmiddel utan avskrivning.
- Prosjektet er finansiert slik:
Statlege tilskot kr 2.175.600,- (Oppstartingstilskot til omsorgsboligar)
Momskompensasjon kr 9.619,-
Bruk av lån kr 20.986.082,-
- Vi gjer merksam på at det ligg til Naustdal kommunestyre å godkjenne prosjektrekneskapen.

Førde, 06. januar 2015


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltilf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltilf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt mobiltilf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltilf. 47 65 50 93

FØREBELS RAPPORT

INVESTERINGSPROSJEKT GARDSBØEN BUFELLESSKAP.

Planarbeidet for etablering av omsorgsbustadar i Naustdal sentrum vart starta opp i samband med planlegging av ut / ombygginga ved Naustdal sjukeheim. Kommunestyret bad i sak 65/2000 plannemnda for denne ut/ombygginga om også å:

- *planlegge og kostnadsrekne eit bukollektiv med 6 omsorgsbustadar, plassert i Naustdal sentrum –*

I sak 15/2001 gjorde kommunestyret vedtak om å starte opp reguleringsplanlegging på Gardsbøen. Vedtaket var særleg retta mot Riksantikvaren sitt krav om regulering av området, før gjennomføring av pålagde arkeologiske undersøkingar.

I notat 14.08.2001 til Formannskapet og Helse- og sosialkomiteen, formidla rådmannen plangruppa sine vurderingar om å utvide omsorgsbustadprosjektet til 12 bueiningar, og personalbase. Tilrådingane frå gruppa var basert på eit behov for effektivisering av tenestene til denne brukargruppa, og behovet for tilrettelegging av areal for ei sterkt veksande personalgruppe. Formannskapet godkjende i sak 32/2001 at vidare planarbeid kunne innrettast mot ei slik endra behovsvurdering.

I samarbeid med ARKI arkitektkontor vart det utarbeidd ei skisse med 6 bueiningar i bufellesskap med fellesareal, og 6 andre bueiningar i rekkje, kalkulert til ein totalkostnad på 15,5 mill kr (sept. 2001). Desse skissene vart lagt til grunn for søknad til Fylkesmannen og Husbanken om finansieringstilskot.

I Fylkesmannen si sluttildeling innafor Handlingsplan for Omsorgstenester i juli 2002 (skriv datert 03.07.2002) vart prosjektet på Gardsbøen ikkje prioritert for statstilskot utover dei to bueiningane som tidlegare var godkjende innafor Opptrappingsplanen for Psykisk helse (Omprioritert frå opprustingsprosjekt ”småhusa ved NAS”)

Av økonomiske årsaker vart prosjektet etter dette lagt delvis på is. I sak 63/2004 stadfesta kommunestyret likevel vedtak om bygging av 12 omsorgsbustadar med bukollektiv og persoanalbase på Gardsbøen. Under føresetnad om Fylkesmannen si godkjenning av låneopptak, fekk

Rådmannen fullmakt til å oppnemne ny plan og byggenemnd, og å gå vidare med førebuing av tomtekjøp og fullføring av arbeidet med reguleringsplan for aktuelt areal på Gardsbøen. Budsjettert låneopptak vart i denne omgang ikkje godkjendt av Fylkesmannen.

Etter at ein annan kommune i fylket tidleg på året 2006 sa frå seg tildelte investeringstilskot, og Fylkesmannen omfordelte 10 av desse (skriv datert 12.06.2006) til Naustdal og Gardsbøen-prosjektet, vart planarbeidet teke opp att.

Rådmannen oppnemnde i samråd med ordføraren fylgjande plan- og byggenemnd for prosjektet:

Ordførar Jan Herstad, leiar

Leiar HSK, Johnny Følling

Seksjonsleiar PLO, Marit Klopstad

Avdelingsleiar HFF, Leni Østvik (Seinare erstatta med Guro Tyssøy og Oddvar Holsen)

Ein repr. frå teknikk/plan/næring (Jostein Sollid) (Seinare erstatta med Odd Rune Håland)

Ein repr. frå dei tilsette v. HFF (Torhild Tefre)
Rådgjevar Kjell Skaflestad, sekr.

Gruppa vart seinare utvida med ein repr. frå bebuargruppa, Wenche Selland.

Den nye plangruppa var samla til sitt første møte 22. juni 2006, og har tilsaman hatt 12 møte. Vaktmeister Enok Gamlestøl og vaktmeister Magne Naustdalslid har og delege i fasar av planarbeidet og særleg undervegs i byggeperioden. ARKI arkitektkontor var og representert på dei fleste møta i nemnda.

Etter godkjenning av låneopptak, 700.000 kr, vart det inngått avtale med Riksantikvaren og Bergen Museum om gjennomføring av pålagde arkeologiske utgravingar. Utgravingane vart gjennomførde i september 2006, og arealet frigitt til anleggsverksemd. (Skriv datert 23.10.2006 frå Riksantikvaren.)

Samarbeidet med ARKI arkitektkontor vart teke opp att, og plan/byggenemnda gjorde etter avgrensa tilbudsutlysning, også avtale med Sæle AS og Opticonsult om konsulentmedverknad i utforming av bygningsplanar og anbudsgrunnlag. I prosjekteringa vart det vidare samarbeidd med fysioterapeut og fagpersonar på Hjelpemiddelsentralen.

Det vart gjennomført 2 informasjonsmøte for bebuarar / pårørande.

Kommunestyret godkjende i sak 12 og 13 / 2007 prosjektet med oppdatert kostnadskalkyle, 20 mill. kr, med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning for naudsynt låneopptak. Rådmannen fekk fullmakt til, saman med byggenemnda, å innhente tilbod og inngå kontrakt for byggearbeidet. Det vart i same sak gjort vedtak om kjøp av grunn, og ordføraren fekk fullmakt til å inngå avtale med grunneigar

Etter noko forhandlingar, lukkast det å inngå frivilleg avtale med grunneigar, om kjøp av naudsynt areal på Gardsbøen. Grunnkjøpet omfattar eit samla areal på 6.537 m². Av praktiske omsyn omfattar kjøpsavtalen areal utover det som var behov for til bukollektivet. I sør/vestre del av arealet er ca 1000 m², som evt. kan nyttast til vidare utbygging, og det er og med areal til planlagt vegframføring mot sør på austsida av eksisterande sentrumsbebyggelse, til saman ca 1.200 m².

Nordover mot busshaldeplassen vart det inngått avtale om frivilleg grunnavståing til vegframføring, mot at prosjektet tok kostnaden med opparbeiding av veg.

Heile grunnkjøpet er førebels rekneskapsført på byggeprosjekt Gardsbøen bufellesskap.

Fylkesmannen godkjende låneopptak (Skriv datert 11.07.2007), og byggeprosjektet vart lyst ut på anbod for totalentreprise.

Det kom inn to tilbod, og det vart 31.08.2007 inngått kontrakt om totalentreprise med Norgeshus, Naustdal Bygg, som hadde lågaste tilbodet.

Formelle vedtak om rammeløyve og løyve til igangsetting av byggearbeidet vart gjort i delegerte vedtak, seksjon plan og Næring. Norgeshus Naustdal Bygg vart godkjendt som ansvarleg med ansvar for alle funksjonar ved utføring av byggearbeid som totalentreprise.

Grunnarbeidet tok til 10.juli 2007.

I byggeperioden vart det gjennomført regulemessige byggemøte, (ca 2 møte pr. mnd) med

deltaking frå totalentreprenør, underentreprenørar, arkitekt og byggherre. Totalentreprenør hadde ansvar for gjennomføring av desse møta. Byggemøta vart nytta til å halde kvarandre orientert om framdrifta i byggeprosjektet, og til drøftingar omkring, og val av, konkrete løysingar og tilpasningar i prosjektet. På initiativ frå VVS-entreprenør vart det tilrådd å endre hovedfunksjon for varmeteknologi, frå gassbasert oppvarmingskjelde til meir miljøvennleg luft-til-vatn varmpumpe. Denne endringa vart vedteken i plan / byggenemnda, med bakgrunn i mellom anna tilråding frå uavhengig konsulent (Opticonsult, rapport datert 22.03.07 og 23.10.07) om at løysinga ville gje like god effekt, ikkje ville kosta noko meir enn gass-varme anlegg, og vere betydeleg rimelegare i drift.

Bygget vart overlevert til byggherre 15.07.2008. Sidan det på det tidspunktet framleis gjestod arbeid på dei tekniske anlegga vart det ved dette høvet berre gjennomført ferdigsynfaring på dei byggtekniske sidene ved bygget. Bygget vart overteke med atterhald om utbetring av mangelliste, og seinare gjennomgang av dei tekniske anlegga.

Kontrollgjennomgang av tekniske anlegg vart gjennomført 28. og 29. august 2008, med konsuletbistand frå Sweco (Reinhardt Nydal) på elektro og Hjellnes Consult (Hilmar Eliasson) på VVS. Gjennomgangen resulterte i omfattande mangellister, mellom anna gjennomgåande mangel på teikningar, merking og driftsinstruksar.

Bygget vart likevel teke i bruk av bebuarar og personale frå 1. sept. 2008, etter at det i skriv datert 08.07.2008 frå seksjonsleiar Plan og Næring er gitt mellombels bruksløyve.

I opprettingsarbeidet har det særleg vore fokus på det varmetekniske anlegget, og det har vore gjort fleire forsøk på tilpasningar / justeringar, utan at det er oppnådd tilfredsstillande funksjonalitet..

Ettersom byggeleiar (Josten Sollid) gjekk av med pensjon hausten 2008, vart det redusert påtrykk frå byggherre for å få fullført feilrettingane. Heller ikkje totalentreprenør har etter kommunen sitt syn ivareteke sitt ansvar godt nok i høve retting av påpeika feil innan rimeleg tid. Det har såleis teke uforholdsmessig lang tid å få fram tilfredsstillande dokumentasjon som grunnlag for gjennomføring av feilrettingar. Frå vår 2009 vart ing. Einar Elde engasjert som konsulent for byggherre, og det er i hovudsak Elde som har representert kommunen i dei meir teknisk funderte drøftingane mot entreprenør og fagkonsulentar.

I møte 17.04.2009 vart det frå byggherre gjort eit forsøk på å få etablert eit tilfredsstillande grunnlag for avslutning av prosjektet. Ein konstaterte usemje på fleire punkt vedk sluttopstilling frå entreprenør (faktura 17.11.2008) og kommunen har halde att ca 300.000 kr av den fakturerte summen. Ein konstaterte vidare at det enno manglar oppdaterte teikningar og funksjonsbeskrivelse for bygget. Det vart i møtet formulert eit klart krav frå byggherre om at totalentreprenør tek ansvar for feilretting på alle fag. Det vart gitt ny frist for levering av fullstendig dokumentasjon og utkvitterte mangellister.

Ved ny synfaring i juni 2009 vart det framleis påvist manglar. Dokumentasjon av dei tekniske anlegga var og framleis mangelfull. I nytt møte 02.10.2009 med totalentreprenør vart det gjort avtale om gjennomføring av ein 1-års garantisynfaring med utanforståande konsulentar, og innhenting av ei ekstern konsulentvurdering av prosjektering og gjennomføring av dei varmetekniske anlegga på Gardsbøen.

Garantisynfaring for byggfag vart gjennomført 18. januar, og for elektro 19. januar 2010. For VVS-anlegg vart synfaring utsett, sidan det syntest klart at det var behov for omfattande

feilretting på det varmetekniske anlegget. Entreprenør fekk aksept for gjennomføring av ytterlegare testar og drøfting mot leverandør. Etter fleire purringar, og etter at nokre kalde vintermånader bidrog til tydeleg demonstrasjon av manglane ved varmeanlegget, vart det i skriv datert 19.03.2010 frå entreprenør, konkludert med at ei av varmpumpene ved anlegget ikkje leverer tilfredstillande. Det skjedde likevel ikkje noko i saka, truleg på grunn av forhandlingar mellom entreprenør og leverandør om garantiansvar for feilfunksjonen.

Byggenemnda har i møte 22.06.2010 plassert eit klart hovudansvar for utskifting av defekt pumpe og øvrig feilretting, hos totalentreprenør, og har formidla dette i eige skriv datert 25.06.2010 til Norgeshus Naustdal Bygg. I skrivet vert 1. sept. 2010 sett som endeleg frist for ferdigstilling.

I e-post 21.06.2010 gav VVS-entreprenør informasjon om at ny pumpe er under bestilling, og at arbeidet med installasjon og ny innregulering vil bli prioritert i god tid før ny vintersesong. Bestilling av ny pumpe vart bekrefta i ny e-post av 28.06.2010. Det vart vidare skissert oppstart av ombygging og tilpassing av anlegget så snart ferien er avslutta, ca 3. august 2010.

Utviklinga så langt gav grunn for å rekne med at byggenemnda sin frist skulle kunne haldast, slik det og vart formidla til kontrollkomiteen i skriv datert 27.05.2010 frå rådmannen. Etter purring frå Elde om framdrift i prosessen, informerer VVS-entreprenør i e-post datert 24.08.2010 om at planen er endra til at defekt pumpe vert demontert og sendt til leverandør for testing. Dette arbeidet skulle starte i byrjinga av september, og planen var framleis å kunne ha eit anlegg i full drift til starten av fyringssesongen.

På bakgrunn av desse opplysningane vart Totalentreprenør og VVS-entreprenør kalla inn til nytt møte 26.08.2010, der byggherre formidla sviktande tillit til entreprenør sin vilje og evne til å fylgje opp avtalar, og uttrykte ynskje om å få arbeidet utført sjølv, på entreprenør si rekning. Leiar i byggenemnda deltok og på dette møtet. Etter at representantar frå VVS-entreprenør tydeleg sa seg lei for, og tok på seg ansvaret for utviklinga i saka, og forsikra om at byggherre sine krav ville bli oppfylgde omgåande, vart konklusjonen likevel at entreprenør fekk ein sjanse til. Dette vart gjort på klare føresetnader om at:

1. Ny pumpe med fulle garantiar må installerast
2. Ekstern konsulent må engasjerast for tekniske berekningar og utarbeiding av dokumentasjon.
3. Byggherre, ved ing. Elde, vert halden løpande orientert, og får høve til å delta i diskusjonar omkring val av løysingar.

Etter dette vart Norconsult AS engasjert som eksterne konsulentar for entreprenør. Anlegget er gjennomgått på nytt og tilråding om endringstiltak vart presentert for, og akseptert av byggherre, i møte 23.09.2010. Naudsynte ombyggingsarbeid og utskifting av deler er gjennomført i oktober 2010. I e-post datert 29.10.2010 vert det bekrefta at ny pumpe er klar for montering, men at det er behov for samordning med leverandør omkring detaljar i utskiftingsarbeidet..

Arbeidet med utskifting av pumpa vart gjennomført 16. november. Det står no att noko arbeid med innregulering, og anna feilretting, før ein kan konkludere med om anlegget fungerer tilfredsstillande. Etter dette kan prosjektavslutnings-prosessen kan takast opp att med totalentreprenør.

GJENNOMGANG AV PROSJEKTRKESKAP

I rapporten blir det lagt fram prosjektrekneskap for prosjekt som ikkje er avslutta.

Det er lagt fram;

- Referanse til finanseringsvedtak
- Kort oppsummering av tiltaka
- Meir/mindre finansiering
- Rekneskap for perioden forbruk/finansiering

Avslutning av prosjekta er definert i retningslinjer frå sak i kommunestyret 73/10.

Meirforbruk/mindre forbruk er fremja som eiga sak.

Kommentar: Opprusting Bruer

- Prosjektet starta på ansvar 620 (HE) og vart overført til 610 (SV) pr 1. jan 2013. I 2013 har i hovudsak AHK følgt opp prosjektet.
- Prosjekt 3504 (dette) og prosjekt 3014 Rehabilitering av Svobrua bør reviderast i ein samanheng. Det er ikkje fullt lånefinansiert på 3014, og viser overforbruk på kr 69090,-
- Dokumenter ligg på arkivsak 12/536 – der både prosjekt 3014 og 3504 er sett i samanheng.
- Prosjekt vart oppfinasiert med kr 200 000 i fsk-sak 092/12 med bruk av unytta lånemidlar
- Hovudtiltak på Svobrua og Kallandbru utført av firma BMO i 2013.
- 1-årssynfaring avtala 6. oktober 2014. Vi har attståande ein garanti frå BMO på kr 43500,- for evt. tiltak.
- Prosjekta kan avsluttast etter evt. tiltak som vert avtala på 1-årssynfaringa er utført, dvs. antatt i løpet av 2014 og ei gjennomgang av fullt rekneskapsoversikt for perioden 2008-2014 for bru prosjekta.

Rekneskap pr. 31.10.2014 for investeringsprosjektet:

Opprusting bruer, p. 176 og 3504 og 3014 Svobrua	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Materiale og byggetenester	5 146 000	4 449 990	696 010
Lønsutgifter		8 800	-8 800
Andre utgifter		180 724	-180 724
Meirverdiavgift	90 000	894 348	-804 348
Sum utgifter	5 236 000	5 533 863	-297 863
Bruk av lån	-3 432 000	-3 365 181	-66 819
MVA-kompensasjon	-18 000	-297 917	279 917
Statleg tilskot	-1 786 000	-1 786 000	0
Sum finansiering	-5 236 000	-5 449 097	213 097
Utgifter 2014, ikkje finansiert		84 766	-84 766

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2008	500 000
Årsbudsjett 2009	2 000 000
Budsjettendring 2009	1 786 000
Årsbudsjett 2010	450 000
Årsbudsjett 2012	500 000
Sum	5 236 000

2008-2012

Kommentar: Kjøp av eigedom frå Audstein Erdal

- Eigdommen 99/24 er kjøpt og overskjøta til kommunen, dokumenter på arkivsak 09/311.
- Kommunestyresak 010/09 for godkjenning av kjøpekontrakt m.m.
- Sak er avslutta og alle kommunen sine forpliktelsar er oppgjort.

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Kjøp av eigedom frå Audstein Erdal		
Kjøp av eksisterande bygg og anlegg	2 564 000	2 564 048
Andre utgifter	79 000	78 878
Sum utgifter	2 643 000	2 642 926
Bruk av lån	-2 643 000	-2 642 926
Sum finansiering	-2 643 000	-2 642 926

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2009	2 630 000
Budsjettendring 2010 - inndekking meirforbruk	13 000
Sum	2 643 000

2009-2010

Kommentar: Asfalt Nyanlegg 2010

- Prosjekt nr. 203
- Tiltak gjennomført etter vedtak i formannskapet sak 011/10. Løyvingane fortløpande nytta. Finansiering vedteke i årsbudsjett 2010.
- Prosjektet kan avsluttast.

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Asfalt nyanlegg 2010		
Byggetenester	1 172 000	1 051 703
Meirverdiavgift	293 000	164 070
Sum utgifter	1 465 000	1 215 772
Bruk av lån	-1 406 400	-1 182 958
MVA-kompensasjon	-58 600	-32 814
Sum finansiering	-1 465 000	-1 215 772

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2010	1 465 000
Sum	1 465 000

2010

Kommentar: Rehabilitering nye vegar 2010

- Tiltak gjennomført etter vedtak i formannskapet sal 011/10. Løyvingane fortløpande nytta.

- Prosjektet kan avsluttast.
- 211 og 3515

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Rehabilitering kommunale vegar 2010	Budsjett	Rekneskap
Material- og byggekostnad	1 200 000	1 175 582
Andre utgifter		98 799
Meirverdiavgift	300 000	186 973
Sum utgifter	1 500 000	1 461 355
Bruk av lån	-1 440 000	-1 414 237
MVA-kompensasjon	-60 000	-47 117
Sum finansiering	-1 500 000	-1 461 355

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2010	1 500 000
Sum	1 500 000

2010 – 2012

Kommentar: Investering kommunale vegar

- 3013-3516
- Tiltak gjennomført etter vedtak i formannskapet sak 011/10. Løyvingane fortløpande nytta.
- Tiltak gjennomført etter vedtak i formannskapet sak 014/11. Løyvingane fortløpande nytta, inkludert flaum/is-skader.
- Tiltak gjennomført etter vedtak i formannskapet sak 020/12. Løyvingane fortløpande nytta.
- Prosjektet kan avsluttast, viss rekneskapsoppsettet blir avgrensa og endra til å gjelde fram t.o.m. 2012.

Rekneskap pr 31.10.2014 for investeringsprosjekta:			
3013 veginvesteringar og 3516 rehab. komm.vegar	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Materiell- og byggeutgifter	3 160 000	3 135 237	24 763
Konsulenttenester		135 000	-135 000
Lønsutgifter			0
Internkjøp		544 274	-544 274
Transport og drivstoffutgifter		46 237	-46 237
Andre utgifter	19 808	4 161	15 647
Meirverdiavgift	540 000	410 462	129 539
Sum utgifter	3 719 808	4 275 370	-555 562
Bruk av lån	-3 503 808	-4 059 250	555 442
MVA-kompensasjon	-216 000	-216 120	120
Sum finansiering	-3 719 808	-4 275 370	555 562

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2011	2 700 000
Årsbudsjett 2012	800 000
Budsjettendring 2012	200 000
Budsjettendring 2013	19 808
Sum	3 719 808

2011-2013
2010-2013

Kommentar: Tomt Barnehage 2011 - 1519

- Dokumenter på sak 09/311
- Finansiering av kjøp frå Arvid Baug – sak 006/11 for formannskapet
- Frådeling og oppmåling gjennomført og ny eigedom er gbnr 99/504. Målebrev tinglyst i april 2014.
- Eigedommen er ikkje skjøta over frå dødsbuet til Arvid Baug til kommunen pr august 2014. Dette må gjerast før avslutning av saka. Tinglysingsgebyr på 2,5 % av kjøpesummen 1 950 000,- vil komme som utgift med kr 48.750,-.
- Prosjekt 1519

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Tomt barnehage 2011	Budsjett	Rekneskap
Grunnerverv	2 050 000	1 950 000
Kostnad ved taksering		13123
Sum utgifter	2 050 000	1 963 123
Bruk av lån	-2 050 000	-1 963123
Sum finansiering	-2 050 000	-1 963123

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2011	2 050 000
Sum	2 050 000

2011

Horstad Barnehage

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Horstad barnehage 151 og 1516	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	794 200	508 346
Lønsutgifter		141 740
Inventar og utstyr		66 231
Andre utgifter		9 635

Meirverdiavgift		138 447
Sum utgifter	794 200	864 399
Statstilskot	-794 200	-1 167 605
Bruk av lån		308 827
MVA-kompensasjon		-5 620
Sum finansiering	-794 200	-864 399

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2009 - inndekking meirforbruk	794 200
Sum	794 200

Kommentar:

2006-2011

Prosjektet omfattar tilbygg, ombygging og oppgradering av barnehagelokala over fleire år som følgje av aukande behov for barnehageplassar.

Godkjent av kommunestyret i sak 25/06 i møte 15.06.06.

Kunstgrasbane – 171 og 1503

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
	Budsjett	Rekneskap
Kunstgrasbane		
Byggetenester	1 133 400	2 934 095
Maskiner		175 604
Utbetaling av spelemidlar		1 515 000
Andre utgifter		8 473
Meirverdiavgift		777 953
Sum utgifter	1 133 400	5 411 125
Bruk av lån	-1 133 400	-1 164 668
Overføring frå Fylkeskommunen - spelemidlar		-1 515 000
Overføringar frå andre		-2 730 152
MVA-kompensasjon		-1 305
Sum finansiering	-1 133 400	-5 411 125
		0

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2009 - inndekking meirforbruk	938 500
Budsjettendring 2010 - inndekking meirforbruk	194 900
Sum	1 133 400

2007-2012

Kommunestyret har godkjent prosjektet i møte 13.12.07 – sak 57/07. Ein føresette då at prosjektet skulle vere sjølvfinansierande ved hjelp av mva.kompensasjon, spelemidlar, dugnad og innsamla midlar.

Finansieringsplan:

Spelemidler, 1/3 av totalkostnad	kr. 1.728.000
Meirverdikompensasjon	kr. 540.000
Private tilskot	kr. 1.468.000
Dugnad og rabattar	<u>kr. 1.450.000</u>
SUM:	<u>kr. 5.186.000</u>

Prosjektet er gjennomført innanfor kostnadsramma, men kompensasjonen for meirverdiavgift er ført i drifta i samsvar med tidlegare regelverk. Kommunen har difor måtte finansiere opp ein andel på kr. 1.133.400,- gjennom årlege vedtak i investeringsrekneskapen. Restsum utgjør kr. 31.268,-.

Tambarskjelvar idrettslag har forskottert spelemidlane og såleis teke på seg ein betydeleg rentekostnad med dette.

Rekneskap pr. 24.06.2013 for investeringsprosjektet:			
Naustdal kyrkjegard, Reiskapshus 207 og 1000	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Byggetenester	1 540 000	1 639 017	
Kjøp av tenester frå andre		24 000	
Meirverdiavgift	310 000	408 254	
Sum utgifter	1 850 000	2 071 271	-221 271
Bruk av lån	-1 754 000	-1 850 000	
MVA-kompensasjon	-96 000	-181 019	
Sum finansiering	-1 850 000	-2 031 019	181 019
Sum avvik			-40 252
Kr. 20.302,- rekneskapsmessig meirforbruk 2012			
Kr. 19.950,- utgiftsført 2013, ikkje avslutta.			

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2010	700 000
Årsbudsjett 2011	850 000
Budsjettendring 2012	300 000
Sum	1 850 000

2009-2013

Kommunestyresak 62/11 – 01.09.2011.

Finansiering vedteke over fleire årsbudsjett. Kalkyle oppjustert etter anbodsinnhenting.

Behov for sluttfinansiering på kr. 40.252.

Vevring skule -rehabilitering

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Vevring skule rehabilitering -1515	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	9 500 000	7 110 514
Inventar og utstyr		384 796
Lønsutgifter		142 000
Andre utgifter		5 600
Meirverdiavgift		1 862 559
Sum utgifter	9 500 000	9 505 469

Bruk av lån	-9 500 000	-9 415 194
MVA-kompensasjon		-90 274
Sum finansiering	-9 500 000	-9 505 469

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2005	4 647 000
Budsjettendring 2005	-4 647 000
Årsbudsjett 2007	4 647 000
Budsjettendring 2007	-4 647 000
Årsbudsjett 2008	7 000 000
Budsjettendring 2008	2 500 000
Sum	9 500 000

Gjennomført:

- Nye arbeidsplassar for personalet
- Nytt ventilasjonsanlegg
- Oppgradering sanitæranlegg
- Nye vindauge og dører (innvendige og ytterdører)
- Oppgradering elektriske anlegg
- Måling/golvbelegg
- Drenering rundt bygget
- Nytt kjøkken

Vedtak i kommunestyret 19.06.08 – sak 42/08.

Kr. 4.646.000,- er finansiert med rentekompensasjon frå staten, resten med lån på vanlege betingelsar.

Rampen Ungdomsklubb - 1504

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Rampen Ungdomsklubb	Budsjett	Rekneskap
Byggekostnad	357 496	455 309
Inventar og utstyr		24 885
Andre utgifter		9 444
Meirverdiavgift		120 975
Sum utgifter	357 496	610 612
Bruk av lån	-357 496	-503 839
MVA-kompensasjon		-24 493
Refusjon frå Staten		-1 280
Overføring frå kommunar		-77 000
Overføring frå andre		-4 000
Sum finansiering	-357 496	-610 612

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2009	350 000
Budsjettendring 2012 - inndecking meirforbruk	7 496

Sum	357 496
-----	---------

2009-2012

Prosjektet er vedteke av kommunestyret i møte 13.12.07 – sak 56/07.

Uføresette kostnader med VVS og elektrisk anlegg medførte betydelege meirkostnader.

Etter avtale med byggeigar vart deler av desse kostnadane kompensert gjennom trekk i husleige som kommunen betaler.

Ombygging kommunehuset

Rekneskap pr. 24.06.2013 for investeringsprosjektet:			
Ombygging kommunehuset 173 og 1020	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Byggetenester	3 710 400	2 921 899	
Inventar og utstyr		252 998	
Lønsutgifter		70 000	
Andre utgifter		92 483	
Meirverdiavgift		804 828	
Sum utgifter	3 710 400	4 142 208	-431 808
Bruk av lån	-3 710 400	-3 346 844	
Statlege overføringar		-700 000	
MVA-kompensasjon		-15 864	
Sum finansiering	-3 710 400	-4 062 707	352 307
Sum avvik			-79 501
Kr. 79.501,- utgiftsført 2013, ikkje avslutta			

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2008	1 700 000
Budsjettendring 2008	-1 700 000
Årsbudsjett 2009	400 000
Budsjettendring 2009	3 310 400
Sum	3 710 400

Vedtak i kommunestyret 13.03.2008 – sak 19/08 – etablering av nytt NAV-kontor.

Prosjektet har seinare vorte utvida i samband med naudsynt ombygging av ventilasjonsanlegg.

Asfalt sentrum

Investeringsbudsjett vedteke 18.12.2003 ved K-sak 62/2003:

Reasfaltering- byggefelt/ distrikta: 2.000.000

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Asfalt sentrum 2004 - 116	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester		701 971
Meirverdiavgift		106 507
Sum utgifter	0	808 478
Interne overføringar		-33 977
Overføringar frå andre Eigedomsskatt)		-765 051

Bruk av fond	-9 450
Sum finansiering	0 -808 478

2004-2005

Det underlege ved saka er det store mindreforbruket i høve budsjett. Ulike investeringsprosjekt innan asfalt gjekk over i kvarandre. Kanskje ei forklaring? Var kontroll på kvalitet og økonomi i høve det som vart utført.

Kloakkrensaneanlegg Naustdalsneset

Frå utgreiing K-sak 62/2003, møtedato 18.12.2003:

Fylkesmannen har gjett nytt utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn til fjord gjeldande frå 22.09.2003. Eitt av løyvevilkåra er å byggje og setje i drift reinseanlegg (silanlegg) innan utgangen av.2004.

Kommunen har intensjonsavtale om grunnkjøp (Naustdalsneset). Aktuelle leverandørar er invitert til tilbudsrunde. Denne vert gjennomført vinteren 2004. Kostnaden er utifrå opplysning om tilsvarande anlegg sett til kr 2,3 mill, men denne er førebels usikker. I tillegg til krav om reinsing og miljøgevinsten ved dette, har tiltaket også ein økonomisk vinn fordi ein då kan kople ut alle separat- tankane i sentrum og såleis spare tømteutgifter. Som døme kan nemnast at fellestanken for Løken-Stavdalen har ein årleg tømekostnad på ca. kr 50.000. Utkoplinga vil dels bli ein kommunal kostnad, dels ein kostnad for tankeigarane. I tillegg må det rehabiliterast ein del røyrnett i Ospeteigen og NAS. Her går husdreneringa til kloakken, noko som belaster nett, pumpestasjonar og reinseanlegg på ein uheldig måte. Tiltaket er sett opp med ein årleg kostnad på kr 150.000 dei komande 4 åra. Reinseanlegget er eit pålegg som må gjennomførast. Krev lånefinansiering, men er brukarfinansiert.

Budsjett og rekneskap:

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Kloakkrensaneanlegg Naustdalsneset – 105	Budsjett	Rekneskap
Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	5 000	
Leige av driftsmidlar	5 000	
Byggetenester	2 175 000	2 012 659
Andre tenester (som inngår i eigenproduksjon)	50 000	24 602
Grunnerverv	65 000	32 000
Meirverdiavgift		47 241
Sum utgifter	2 300 000	2 116 502
Bruk av lån	-2 300 000	-2 116 502
Sum finansiering	-2 300 000	-2 116 502

Oversikt over vedtak:	Løyving
Investeringsbudsjett 2004	2 300 000
Sum	2 300 000

Vurdering:

Prosjektet gjennomført, og anlegget har fungert. God kontroll på kvalitet og økonomi i prosjektet.

Unytta i høve budsjett: Kr. 183.498

Vassleidning Lonene – Horstadvatn

Frå utgreiing til K- sak 62/2003, vedteke 18.12.2003:

Naustdal vassverk har sidan starten på 70-talet drive utan formell godkjenning. Vassinntak og hygieniske barrierar er ikkje lovlege, og i år har vi hatt avvik på vassprøver, som har innehalde koliforme bakteriar. Næringsmiddelkontrollen ga etter tilsyn i september 2002 ein del pålegg. Av desse er 2 førebels ikkje innfridde:

1. Plangodkjenning for opprusting er sett til november 2003. Saka kjem opp i kommunestyret 18.12.03.
2. Vatnet må ha godkjent og trygg handsaming. Pr. plan vert dette gjort med forlenging av inntaket opp til Horstadvatn, samt bygging av nytt vasshandsamingsanlegg.

Arbeid med oppgradering av vasshandsamingsanlegget er i gang, og er venta ferdigstilt i 2003. Inntaksleidning opp til Horstadvatn er lyst ut på tilbod med svarfrist i februar 2004. Investeringa er pålagt fullført i 2004 (då skal Næringsmiddelkontrollen etter søknad gje oppstartsløyve for nytt anlegg). Krev lånefinansiering, men er brukarfinansiert. Investeringa er totalt kalkulert til 3,5 mill kt.

Sluttregneskap for investeringsprosjektet:		
Vassleidning Lonene - Horstadvatn	Budsjett	Regneskap
Byggetenester	2 650 000	2 166 149
Konsulenttenester	50 000	29 980
Sum utgifter	2 700 000	2 196 128
Bruk av lån	-2 700 000	-2 196 128
Sum finansiering	-2 700 000	-2 196 128

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2004	2 700 000
Sum	2 700 000

Prosjekt avslutta, med godt resultat. God kontroll på kvalitet og økonomi i prosjektet.

Maskinpark 2009 -183

Frå K-sak 64/08- Budsjett 2009, møtedato 18.12.08:

I år er det også leigd inn traktor både til anleggsprosjekta og til brøyting. Dette på grunn av lånenekt. JCB-traktor fungerer bra teknisk, men har ergonomisk dårlege betjeningsorgan.

Fleire maskinførarar får helseproblem, og maskina er teka ut av dei fleste operasjonar utanom rein transport. Situasjonen er utgreidd av HMT-kompetansesenter.

Kommunen som arbeidsgjevar har eit tyngjande ansvar her. Alle moglege løysingar er vurderte. Konklusjonen er at vi er best tent med ei oppgåvefordeling som i dag, men med ei tidsmessig maskin. Derfor må vi altså leige inn maskiner til dei mest belastande oppdraga. Målet er såleis investering av ny hovudmaskin i 2009, evt. i 2010. ..

Budsjett frå K-sak 64/08-, møtedato 18.12.08:

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Maskinpark 2009	Budsjett	Rekneskap
Kjøp av maskiner	1 500 000	1 199 500
Meirverdiavgift		299 875
Sum utgifter	1 500 000	1 499 375
Bruk av lån	-1 500 000	-1 499 375
Sum finansiering	-1 500 000	-1 499 375

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2009	1 500 000
Sum	1 500 000

2009

Rapport, vurdering,

Budsjettmidlane er nytta; 625 kr. att av 1,5 mill.

Nærare informasjon om bruken av midlane i arkivsak 09/307. Det vart kjøpt John Deere traktor. Dessutan vart Wille- maskin kjøpt, mindre reiskapsbærar/ hjullastar. Wille var definert som eit samarbeidsprosjekt for teknisk drift og idrettslaget/ banedrifta. Kjøpsprosess godt gjennomført.

Erfaringane med kjøp av nyare brukt utstyr var ikkje gode. Det oppstod maskinskade og driftsstans, og det var uheldig å ikkje ha nokon forhandlar å kunne sette krav mot når driftsstans kom.

Utskifting PCB- armatur - 170

Prosjektet hadde bakgrunn i statleg pålegg om å sanere PCB- holdig armatur. I brev datert 30.03.2013 kritiserer Fylkesmannen at utskifting av PCB- holdig armatur ikkje var med i kommunen sine planlagde investeringar i 2007.

Ranestad fekk registrert armatur, ved innleige av Naustdal Elektro. Armatur på Kommunehuset og på Reiakvam, og noko på NAS/ andre bygg var skifta ut ved prosjektet. Erling Angvik var leigt inn til hjelp ved innkjøp av armatur og tenester ved utskifting.

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Utskifting PCB-armatur	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	1 167 200	896 845
Konsulenttenester		43 318
Meirverdiavgift		227 013
Sum utgifter	1 167 200	1 167 176
	-1 167	
Bruk av lån	200	-1 167 176
	-1 167	
Sum finansiering	200	-1 167 176

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2007	100 000
Budsjettendring 2009	100 000
Budsjettendring 2009 - inndecking meirforbruk	868 500
Budsjettendring 2010 - inndecking meirforbruk	98 700
Sum	1 167 200

2007-2010

Pålagt tiltak. Anlegg fungert tilfredsstillande. Var kontroll på kvalitet og økonomi i høve det som vart utført.

VA-anlegg Ospeteigen, vatn - 149

2 aktuelle problemstillingar i Ospeteigen, det eldste byggefeltet aust om Nausta

- Vassleidning/ koplingar i jern. Desse grodde igjen innvendig, og skapte problem.
- Fellesanlegg avløp og overvatn. Førte m.a. til at det vart pumpa rundt mykje regnvatn etter at sysemet med pumpekummar vart etablert.

Oppryddinga i Ospeteigen var eit fleirårig prosjekt, for ein stor del utført med egne mannskap, utleigt til prosjektet. Jostein Sollid hadde regi, men var nok ute av funksjon før opprydding var slutført.

Naudsynt tiltak. Anlegg fungert tilfredsstillande. Ulike investeringsprosjekt i Ospeteigen gjekk over i kvarandre. Var kontroll på kvalitet og økonomi i høve det som vart utført.

Vassforsyning Mallasvik- Sæla - 162 og 3502

Frå utgreiing K-sak 59/2006, møtedato 14.12.2006:

Situasjon/vurdering av situasjonen:

Utbygging i Mallasvik-Sælaområdet har vore eit politisk prioritert prosjekt i fleire år, men ein har ikkje makta å få til finansiering av infrastrukturen frå sentrum. Reguleringsplan for vegstrengen vart vedteken i kommunestyret 2004. Det vart utarbeidd overordna teknisk plan for fysisk utbygging av infrastruktur med kalkyler i 2002. Denne er framleis aktuell, men kalkylene må oppdaterast.

I NTP (Norsk Transportplan) 2006-2015 ligg fortau inne frå 2010. Det vert jobba med ei forskotteringsordning i lag med fylkeskommunen og Statens vegvesen med tanke på å kome i gang tidlegare. Avgjer vert teken i desember 2006. Statens vegvesen har oppdatert kostnadskalkyla som syner eit kapitalbehov omkring 25 - 30 mill. Det vert kravd at Naustdal kommune skal delta i teknisk detaljplanlegging med kr 500.000. Investeringa er lagt inn i 2007.

Dersom tiltaket vert finansiert som skildra ovanfor reknar kommunen med å få til ei kostnadseling med vegvesenet (frå 2010) og utbyggjarar/ tomtekjøparar (gjennom utbyggingsavtaler). Ei større bustadutbygging i dette området er det viktigaste utviklingstiltaket kommunen ser føre seg på kort sikt. Det vil ha positive ringverknadar både for kommunen og regionen.

Budsjett og rekneskap:

Rekneskap pr. 26.06.2013 for investeringsprosjektet:		
Vassforsyning Mallasvik-Sæle	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	8 500 000	3 760 276
Konsulenttenester		1 130 556
Kjøp av tenester frå staten		500 000
Meirverdiavgift		30 281
Sum utgifter	8 500 000	5 421 113
Bruk av lån	-8 500 000	-5 148 225
Sum finansiering	-8 500 000	-5 148 225
Utgifter 2013, ikkje finansiert		272 887

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2007	1 000 000
Årsbudsjett 2008	1 500 000
Årsbudsjett 2009	3 000 000
Årsbudsjett 2010	3 000 000
Sum	8 500 000

2007-2013

Det store prosjektet med hovudleidning til Sæla er gjennomført, og anlegget er grunnlag for utvikling av bustadfelt, og Fjordlandsbyen på sikt.

Unytta løyving sjåast i samanheng med pågåande utbygging langs Kringlevegen, og med trong for høgdebasseng. Kontroll på kvalitet og økonomi i prosjektet.

Restfinansiering kr. 347.980,- vert handsama av kommunestyret 11.12.2014.

Årsbudsjett 2008	650 000
Budsjettendring 2008	515 000
Budsjettendring 2009 - inndekking meirforbruk	308 000

Sum	3 543 000
-----	-----------

Breiband – anleggsbidrag – 122.

Oppstartsvedtak i K-sak 36/2005, fase 1:

- Utbygging av alle telefonsentralar med vdsl-teknologi.

Vedtak i K-sak 34/2007, fase 2:

- Utbygging av trådløst breiband til nokre grender med dårleg dekning over telefonnettet.

Utbygginga er gjennomført, og sluttfinansiering er godkjent i kommunestyret, K-sak 40/2008

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Breiband anleggsbidrag	Budsjett	Rekneskap
Investeringsutgifter	3 543 000	3 681 000
Meirverdiavgift		920 250
Sum utgifter	3 543 000	4 601 250
Bruk av lån	-3 543 000	-3 463 500
Overføringar frå fylkeskommunen		-1 137 750
Sum finansiering	-3 543 000	-4 601 250

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2005	300 000
Årsbudsjett 2007	1 770 000

Gardsbøen trinn 1 og 2 - 131 og 2000

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Gardsbøen trinn 1 og 2	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	20 826 935	15 536 876
Grunnerverv		1 395 030
Kjøp av tenester frå andre		1 576 293
Inventar og utstyr		294 433
Lønsutgifter		138 211
Andre utgifter		43 471
Meirverdiavgift		4 186 988
Sum utgifter	20 826 935	23 171 301
Bruk av lån	-20 826 935	-20 986 082
Statlege overføringar		-2 175 600
MVA-kompensasjon		-9 619
Sum finansiering	-20 826 935	-23 171 301

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2005	9 800 000
Årsbudsjett 2007	16 200 000
Budsjettendring 2007	-6 000 000
Budsjettendring 2010 - inndekking meirforbruk	792 600
Budsjettendring 2012 - inndekking meirforbruk	34 335
Sum	20 826 935

2005-2011

K-sak 15/2001 – vedtak om reguleringsplanarbeid på Gardsbøen, med sikte på klargjering av areal for oppføring av omsorgsbustadar.

K-sak 63/2004 – vedtak om bygging av 12 omsorgsbustadar med bukollektiv og personalbase. Etter gjennomføring av arkeologiske undersøkingar og vidare planarbeid vart prosjektet godkjend i

K-sak 12/2007 og 13/2007.

Etter anbud, totalentreprise kontrakt med Norgeshus Naustdal Bygg. Byggestart juli 2007. Bygget vart overlevert byggherre juli 2008, med mellombels bruksløyve frå sept. 2008, trass ei betydeleg mangelliste, særleg på VVS-anlegg.

Totalentreprenør og byggherre har hatt ulik oppfatning av økonomisk oppgjær knytt til eit restkrav frå totalentreprenør, og gjentakande vanskar knytt til oppretting av manglar ved anlegget.

Prosjektrekneskapa er avslutta, men sluttoppgjær mellom totalentreprenør og byggherre står endå ope, basert på protokoll frå sluttmøte april 2011, og seinare dissens om dekning av kostnader knytt til havari på varmpumpe.

Løkentunet - 172

Bakgrunn for prosjektet går fram av arkivsak 09/79- reguleringsplan Løkentunet.

Omsetninga følgjer av av momsreglar; det vart bygt VA-anlegg som skulle overtakast av kommunen, og utbetalingar gjekk via kommunerekneskap for å gje grunnlag for refusjon av moms.

Nettokostand på kr. 83.500 har med forholdet at det vart bygt parkeringsplass som og etter intensjon fungerer som gjesteparkering for NAS. Det ligg føre notat til rådmannen på saka som forklarar forholdet. Kostnad var innanfor det som var signalisert.

Budsjett og rekneskap:

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Løkentunet	Budsjett	Rekneskap
Byggetenester	83 500	2 553 373
Meirverdiavgift		96 811
Fondsavsetting		122 930
Sum utgifter	83 500	2 773 114
Overføringar frå private		-2 689 624
Bruk av fond	-83 500	-83 490
Sum finansiering	-83 500	-2 773 114

Oversikt over vedtak:	Løyving
Årsbudsjett 2008	400 000
Budsjettendring 2008	-400 000
Budsjettendring 2010 - inndekking meirforbruk	83 500

Sum	83 500
-----	--------

2008-2010

Prosjektet gjennomført, og anlegget har fungert

Budeia – 161 og 1520

Byggesteg 1 av storskulpturen *Budeie med kjARTanroser* vart avduka 5. august 2007. Sluttrekneskapen for investeringsprosjektet syner eit avvik mellom budsjett og rekneskap. Erfaringa gjer det klart at prosjekt av denne typen er dynamiske, gjennomføringa er i større grad enn elles avhengig av mange ulike faktorar og partar som er utfordrande å kartlegge i tidleg fase.

Investeringsprosjektet Budeia er fullfinansiert etter vedtak om budsjettendringar i 2009 og 2012. Rekneskapen syner at det er nytta mindre lånemidlar enn det Naustdal kommunestyre har godkjent.

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:		
Budeia	Budsjett	Rekneskap
Kjøp av tenester frå andre	502 900	541 119
Byggetenester		413 081
Inventar og utstyr		68 000
Materiale		14 342
Meirverdiavgift		250 386
Sum utgifter	502 900	1 286 928
Bruk av lån	-373 000	-372 928
Overføringar frå andre	-129 900	-815 400
Overføringar frå fylkeskommunen		-80 000
MVA-kompensasjon		-18 600
Sum finansiering	-502 900	-1 286 928

Oversikt over vedtak:	Løyving
Budsjettendring 2009 - inndecking meirforbruk	494 000
Budsjettendring 2012 - inndecking meirforbruk	8 900
Sum	502 900

Naustdal kommune
v/rådmann
Boks 43
6806 Naustdal

Kopi: Kontrollutvalet

Dykkar ref.: Vår ref. : Arkivkode : Journalnr. : Dokumentdato:
F:N.dr.middel 14 216 031/2014 29.12.2014

FRAMLEGGING AV PROSJEKTREKNESKAP – NAUSTDAL KOMMUNE.

Revisjonen syner til tidlegare korrespondanse der vi har etterspurt prosjektrekneskap for ferdigstilte investeringsprosjekt. Vi fekk den 4. desember 2014 førelagt oversikt over ferdigstilte investeringsprosjekt i Naustdal kommune for revisjon, ref og til sak 085/14 i formannskapet. Vi registrerer at saka og inneheld framlegg om endring av retningslinjer og prosedyrar for gjennomføring av investeringsprosjekt i Naustdal kommune.

Revisjonen deltok den 27. november 2014 på møte i Naustdal, der administrasjonen orienterte om dei ulike prosjekta og om korleis desse er handtert og blir presentert.

Slik vi kan sjå er gjeldande regelverk for handtering av investeringsrekneskap, ref. til K sak 073/10, at revidert prosjektrekneskap og sluttrapport skal leggst fram for kommunestyret når prosjektet har kostnad over kr 500.000,-. Vi registrerer at dette gjeld dei fleste av dei framlagde prosjekta og at mange skriv seg fleire år tilbake i tid. Fullstendig gjennomgang og revisjon av alle prosjekta no er eit omfattande arbeid. Revisjonen har derfor valgt å oppsummere vårt arbeid slik:

- Vi registrerer at alle prosjekter er aktivert i balanserekneskapen for avskrivning.
- Vi gjer merksam på at alle prosjekt går inn som del av Naustdal kommune sine årlege investeringsrekneskap.
- Vi registrerer at prosjektkostnadane er finansiert gjennom Naustdal kommune sine årsbudsjett.
- Grunna at prosjektkostnader og vedtak for mange av prosjekta skriv seg fleire år tilbake i tid, har revisjonen valgt å ikkje utføre fullstendig kontroll av detaljane i alle prosjektrekneskapane.
- Vi har valgt å utføre fullstendig kontroll av det som gjeld følgjande prosjekt:
173/1020 Ombygging kommunehuset
130/151 Vevring skule rehabilitering
131/2000 Gardsbøen trinn 1 og 2.

For dei ovannemnde prosjekta ber vi om at det vert utarbeidd fullstendig evalueringsrapport, ref. til pkt 2.7 i gjeldande rutiner og at desse snarast vert oversendt til oss.

Førde, 29. desember 2014

Kari Håheim Sygna
Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:
Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobil: 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobil: 47 65 50 93

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 16.03.2015	Saksnr 015/15
-------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/179
-----------------------------------------	-------------------------------------	-------------------------------

Rapport frå forvaltningsrevisjon: Gjennomgang av pleie og omsorg

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.03.2015	Forvaltningsrevisjonsrapport "Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring"	1854

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

1. Rapport datert 5.3.15, frå forvaltningsrevisjon om Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring, vert teken til orientering.
2. Rådmannen går gjennom reglement og rutinar for økonomistyring for å sikre at desse er oppdaterte.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til den vedlagde rapporten frå KRYSS Revisjon ved Charles Litsheim.

Tilråding knytt til problemstilling 1 (side 11):

Tilråding: Vi meiner avtalepartane som står Mål- og aktivitetsplanen for Naustdal kommune bør vurdere å signere avtalen.
Vi tilrår at kommunen evaluerer ressursinnsats og måloppnåing i Mål- og aktivitetsplan for Naustdal kommune årleg, eller når kommunen har tilstrekkeleg datagrunnlag.

Tilråding knytt til problemstilling 2 (side 13):

Tilråding: Vi tilrår at rådmannen gjev ein vurdering og evaluering av gjeldande reglement og rutiner for økonomistyring til kommunestyret.

Sekretariatet tilrår at rapporten vert teken til orientering. Vidare rår vi til at det vert teke med eit punkt om at rådmannen oppdaterer reglement og rutinar jf problemstilling 2 i rapporten.

Problemstillingar og revisjonskriterium

Tabell på side 6 i rapporten med oversikt over problemstillingar og revisjonskriterium:

Problemstilling:	Ordlyd:	Revisjonskriterium:
Nr 1:	” Etterlever Naustdal kommune samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv ?”	<ul style="list-style-type: none"> • Kravet om eigne mål for IA-arbeidet. • Naustdal kommune si plikt til å halde to samlingar i året med fokus på IA- arbeidet i kommunen, der både leiing, tillitsvalde og verneombod er representert. • Oppfølging av sjukemeldte • Tilrettelegginga for tillitsvalde til å tileigne seg naudsynt kunnskap om HMS- og IA- arbeid i lag med arbeidsgjevar og verneombod.
Nr 2:	” Rapporterar seksjon pleie og omsorg økonomidata i samsvar med kommunen sine økonomiske styringsdokument ? og har rådmannen ein eigenkontroll på at slik rapportering finn stad med rett innhald til rett tid. ”	<ul style="list-style-type: none"> • Leiarmøtet som vert halde kvar veke. • Rådmannen sitt styrings- og informasjonsskriv til einingane i samband med deira økonomi og avvaksstyring. • Rådmannen sin sak til kommunestyret på budsjettkontrollen og budsjettkontrollrapport • Rådmanen sin gjennomgang av seksjonane sine økonomirapporteringar • Rutinehandbok økonomi

Tabell 1: Problemstillingar i forvaltningsrevisjonen og nytta revisjonskriterium

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 5/3-2015 Off:
Sak.nr. 013/15 Reg.nr.:
Arkiv: 216
Avd.kode:
Sakshandsamar *P. J. Rasmussen*

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

”Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på
leiing, sjukefråvær og økonomistyring ”

Endeleg rapport levert den:03.03.2015

Forord

Bakgrunnen for tittelen på denne forvaltningsrevisjonen ligg i opphavleg tingingsdokument av 12.02.2014. Undervegs i arbeidet med revisjonsplanen vart dei opphavlege moglege problemstillingane spissa og operasjonalisert. Operasjonaliseringa av problemstillingane vart godkjent av kontrollutvalet i Naustdal i sak 16/14. Tittelen på prosjektet reflekterer såleis ikkje heilt faktisk operasjonalisering av problemstillingane i tingingsdokumentet, sjå nærare under punkt 3.2.2 i rapporten.

Vi har avgrensa vår oppdragsforståing til i vesentleg grad å gjelde dei plikter og ansvar Naustdal kommune har inngått som ein IA kommune. Vi vel også å sjå på korleis intern styring i form av rapportering og kontroll med seksjon pleie og omsorg fungerer i Naustdal kommune og vi vil kort syne kva status innkrevjinga av sjukepengar har i Naustdal kommune. I den grad vi finne det naudsynt, vil vi gje våre vurderingar av dei styringsdokument som vert nytta som kjeldegrunnlag i rapporten.

INNHALD

1	Samandrag av rapporten	4
2	INNLEIING	5
3	BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA	5
3.1	Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen	5
3.2	Tingingsdokumentet frå SEKOM	5
3.2.1	Avgrensingar av prosjektet, i følge tingingsdokumentet	5
3.2.2	Presisering av problemstillingane i tingingsdokumentet	5
3.2.3	Problemstilling 1:.....	5
3.2.4	Problemstilling 2	5
4	REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM	6
4.1	Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet.....	6
4.1.1	Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten	6
5	METODE	7
6	Administrativ organisering	7
6.1	Organisasjonskart.....	7
7	PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	8
7.1	Fakta.....	8
7.1.1	Innleiing	8
7.1.2	Dokumentgjennomgangen	8
7.2	Vurderingar og konklusjonar	10
8	PROBLEMSTILLING 2:	11
8.1	Fakta.....	11
8.2	Fakta.....	11
8.3	Vurderingar og konklusjonar	12
9	RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA	13
10	UNDERSKRIFT PÅ RAPPORTEN	13
11	REFERANSAR	14
12	Vedlegg til rapporten	14
12.1	Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen.....	14
13	KVA FORVALTNINGSREVISJON ER	14
13.1	Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon.....	14
13.2	KRYSS-Revisjon	14
13.3	Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen.....	15
13.4	Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium.....	15

1 SAMANDRAG AV RAPPORTEN

I denne forvaltningsrevisjonsrapporten har vi undersøkt korleis kommunen etterlever utvalde delar av samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv. Denne avtalen vert i det daglege kalla «IA- avtalen».

Avtalen er eit forpliktande dokument med fleire konkrete avtalepunkt som vi har valt å sjå nærare på. Avtalen er inngått mellom Naustdal kommune og NAV arbeidslivssenter i Sogn og Fjordane.

Dei viktigaste funna vi gjorde i denne revisjonen er at kommunen har etablert rutiner og avtalar med dei tilsette gjennom tillitsvalde og verneombod som dei i avtalen med NAV har forplikta seg på. Det er lagt fram dokumentasjon i form av avtalar, møtereferat, rutiner og tiltak som syner at kommunen har gjennomført og implementert det rammeverket dei har forplikta seg på etter IA – avtalen.

Naustdal kommune set mellom anna IA- og HMS arbeid på dagsorden to gonger i året med aktiv medverknad frå tillitsvalde og verneombod.

At IA-avtalen også forpliktar den einskilde arbeidstakar, vert etterlevd mellom anna i styringsdokumentet «oppfølging av sjukmelde – revidert 01.2014». I dette dokumentet går det klart fram at også den sjukmelde har eit ansvar for å delta aktivt i arbeidet med å kome raskast mogleg attende i arbeid.

Vi har elles gjeve ei tilråding til denne problemstillinga. I tilrådinga skriv vi: « Vi meiner avtalepartane som står Mål- og aktivitetsplanen for Naustdal kommune bør vurdere å signere avtalen.» Då vi ikkje ser at evaluering av oppnådde resultat er nemnt i dokumenta, har vi tilrådd at kommunen evaluerer ressursinnsats og måloppnåing i Mål- og aktivitetsplanen. Vi har tilrådd at dette vert gjort årleg eller når kommunen har tilstrekkeleg datagrunnlag.

Den andre problemstillinga vi har kontrollert, er om seksjon pleie og omsorg rapporterar økonomidata i samsvar med kommunen sine økonomiske styringsdokument, og om rådmannen har eigenkontroll på at slik rapportering finn stad med rett innhald til rett tid.

Det framgår av mottekne dokument at seksjonane rapportertar økonomi- og avviksdata i samsvar med rådmannen sine føringar og rutinehandboka.

Rådmannen sin eigenkontroll med seksjonane vert ivareteken gjennom faste administrative leiarmøter og gjennomgang av seksjonane sin månadsrapportering til rådmannen.

I gjennomgangen av dei sentrale styringsdokumenta for økonomirapportering finn vi at gjeldande rutinehandbok økonomi er frå 2006. Det har som konsekvens at fleire av visningane til paragrafar i kommunelova er forelda i høve gjeldande lov.

I rapporten har vi difor konkludert med at seksjonane rapportertar økonomi- og avviksdata i samsvar med rådmannen sine føringar og rutinehandbok økonomi.

Vi konkluderer også med at rådmannen sin eigenkontroll med seksjonane, vert ivareteken gjennom dei faste administrative leiarmøta og gjennomgangen av seksjonane sin månadsrapportering til rådmannen.

Vi tilrår at rådmannen gjev ein vurdering og evaluering av gjeldande reglement og rutiner for økonomistyring til kommunestyret.

2 INNLEIING

Denne rapporten er produsert av KRYSS- revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Naustdal kommune.

3 BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA

3.1 Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen

Bakgrunnen for dette prosjektet går fram av *tingingsdokumentet* frå SEKOM-sekretariat, datert 12.02.2014. Det vert der synt til at dei styrande organa i Naustdal kommune ynskjer å få: ” *ein gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring*”.

3.2 Tingingsdokumentet frå SEKOM

3.2.1 Avgrensingar av prosjektet, i følgje tingingsdokumentet

Tingingsdokumentet seier at kontrollen skal **avgrensast** til sjukefråvær og økonomistyring for pleie og omsorg.

Tidsavgrensing: Kontrollen skal avgrensast til året 2013, i følgje tingingsdokumentet.

3.2.2 Presisering av problemstillingane i tingingsdokumentet

Slik tinginga låg føre i opphavleg versjon, vart det frå revisjonen naudsynt å få avklara, avgrensa og operasjonalisert noko meir kva som låg i vårt oppdragsmandat. I kontrollutvalsmøtet den 21.05.2014 mai vart prosjektplanen for oppdraget godkjent. I prosjektplanen ligg vår operasjonalisering av tinginga.

Det tyder at vi under fyrste kulepunkt «Regelverk for IA-verksemd» forstår som den faktiske avtalen som NAV og Naustdal kommune har inngått. I det ligg det at vi som eit samla kontrollpunkt kontrollerer om kommunen faktisk etterlever avtalen inngått med NAV arbeidslivssenter. Når det gjeld kulepunktet i tinginga som gjeld «avviksstyring» er vår konkretisering og presisering at vi forstår «avviksstyring» til også å omfatte kontroll av om rådmannen faktisk har ein eigenkontroll mot seksjonen i høve deira rapportering eller eventuelt mangel på slik.

I kulepunkt to i tinginga, forutset vi at omgrepet «økonomistyring» gjeld kommuneinterne styringsdokument. Vi avgrensar kontrollen mot økonomistyring til å gjelde om seksjonen rapporterar det dei skal til rett tid i høve interne økonomistyringsdokument. Våre konkretiserte problemstillingar er etter dei presiseringar og avklaringar vedteke av kontrollutvalet på prosjektplanen slik:

3.2.3 Problemstilling 1:

Etterlever Naustdal kommune samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv ?

3.2.4 Problemstilling 2

Rapporterer seksjon pleie og omsorg økonomidata i samsvar med kommunen sine økonomiske styringsdokument ? og har rådmannen ein eigenkontroll på at slik rapportering finn stad med rett innhald til rett tid.

4 REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM

4.1 Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet

Rammeverket for utarbeiding av revisjonskriterium i dette prosjektet er lover og føreskrifter, anerkjende prinsipp for økonomistyring, politiske vedtekte rutineverk og administrativt rutineverk m.a. i økonomihandboka til kommunen.

Nedanfor vil vi først gå gjennom rammeverket for og til slutt dei konkretiserte revisjonskriteria som er lagt til grunn for undersøkinga.

I kommunelova § 23 nr 2 står det at administrasjonssjefen eller rådmannen skal syte for at administrasjonen vert drifta i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar og at vedtak vert iverksett. Denne paragrafen fastslår rådmannen sitt overordna ansvar for at drifta av kommunen.

Kriteria elles i denne rapporten er utleia frå sjølve avtaledokumentet mellom Naustdal kommune og NAV, og frå dei styringsdokument som er vedtekne og laga i Naustdal kommune.

Vi vil presentere dei suksessivt for kvar problemstilling undervegs i rapporten.

4.1.1 Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten

Dei konkretiserte revisjonskjeldene – revisjonskriteria – som er nytta i denne rapporten, er fleire. Nedanfor er revisjonskriteria og problemstillingane (i følgje tinginga) dei er knytte til, lista opp:

Problemstilling:	Ordlyd:	Revisjonskriterium:
Nr 1:	” Etterlever Naustdal kommune samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv ?”	<ul style="list-style-type: none">• Kravet om eigne mål for IA-arbeidet.• Naustdal kommune si plikt til å halde to samlingar i året med fokus på IA- arbeidet i kommunen, der både leiing, tillitsvalde og verneombod er representert.• Oppfølging av sjukemeldte• Tilrettelegginga for tillitsvalde til å tileigne seg naudsynt kunnskap om HMS- og IA- arbeid i lag med arbeidsgjevar og verneombod.
Nr 2:	” Rapporterar seksjon pleie og omsorg økonomidata i samsvar med kommunen sine økonomiske styringsdokument ? og har rådmannen ein eigenkontroll på at slik rapportering finn stad med rett innhald til rett tid. ”	<ul style="list-style-type: none">• Leiarmøtet som vert halde kvar veke.• Rådmannen sitt styrings- og informasjonsskriv til einingane i samband med deira økonomi og avviksstyring.• Rådmannen sin sak til kommunestyret på budsjettkontrollen og budsjettkontrollrapport• Rådmanen sin gjennomgang av seksjonane sine økonomirapporteringar• Rutinehandbok økonomi

Tabell 1: Problemstillinger i forvaltningsrevisjonen og nytta revisjonskriterium


5 METODE

Vi føreset i vårt arbeid med denne revisjonen at vi hjå den enkelte tenesteleiar, hjå den administrative toppleiinga og andre vi hentar inn data frå, har fått tilgang til og er oss førelagt all etterspurd eller relevant dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde frå desse er komplett og dekkjande.

Meir spesifikt har vi nytta dokumentanalyse, analyse av økonomidata, samtalar med rådgjevarar og rådmann.

6 ADMINISTRATIV ORGANISERING

6.1 Organisasjonskart



Figuren er henta frå Naustdal kommune si heimeside

7 PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 1:

” Etterlever Naustdal kommune samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv ? ”

7.1 Fakta

7.1.1 Innleiing

Som skrive innleiingsvis i rapporten har vi avgrensa og konkretisert opphavelig problemstilling etter handsaming i kontrollutvalet den 21.05.2014.

Med utgangspunkt i den endra og spissa problemstillinga tok vi kontakt med Naustdal kommune og bad om eit møte, der vi samla inn relevant dokumentasjon naudsynt for å svare på problemstillinga.

Vi har studert IA - avtalen¹ og utleia kriterier som vi i etterkant har bedt kommunen dokumentere i form av skriftleg materiale.

7.1.2 Dokumentgjennomgangen

Vi sende ein e-post til kommunen i oktober 2014 der vi synte til innhaldet i IA – avtalen, og bad om dokumentasjon som synleggjer at kommunen overheld sin del av avtalen. Våre spørsmål og kommunen sin attendemelding til oss vert gjennomgått i det påfølgjande.

I IA – avtalen er det eit krav om at kommunen skal lage egne mål for sitt IA- arbeid. På nasjonalt nivå er delmåla å redusere sjukefråværet, hindre fråfall og auke sysselsetjing av personar med nedsett funksjonsevne og å forlengje yrkesaktiviteten etter fylte 50 år med 12 månader. Etter avtalen punkt 2 skal desse måla utarbeidast av arbeidsgjevar, dei tillitsvalde, verneombodet og dei tilsette elles innan 12 veker etter inngåing av samarbeidsavtalen.

IA – avtalen mellom Naustdal kommune og NAV arbeidslivssenter

I oversendt materiale frå kommunen finn vi dokumentet med overskrift «IA-samarbeidsavtale 2014-2016 Mål og aktivitetsplan for Naustdal kommune».

Innleiingsvis i dokumentet vert det synt til at denne planen er utarbeidd med bakgrunn i samarbeidsavtalen mellom partane i arbeidslivet og at han refererer seg til alle 3 delmål i samarbeidsavtalen.

Dei 3 delmåla er sjukefråvær, personar med redusert funksjonsevne og livsfasepolitikk.

Under kvart av delmåla har kommunen i sin plan synt til no-situasjon, resultatmål og aktivitetsmål.

Dette er i samsvar med punkt 2 i IA- avtalen. Kommunen har fastsett som resultatmål på sjukefråvær at sjukefråværet skal reduserast til under 7,0 % før utgangen av 2015.

IA- avtalen forpliktar begge avtalepartar. Vi bad difor om attendemelding på om kommunen har fått eigen kontaktperson i NAV, og at NAV leverer sjukefråværsstatistikk henta frå sentral sjukefråværsstatistikk.

Vi fekk stadfesta i ein e-post frå kommunen at dei har fått ein eigen kontaktperson. I oversendt materiale er det lagt ved statistikk over utviklinga i sjukefråværet. Denne statistikken syner utviklinga over siste 4 år, fordelt på kvartalsvis utvikling og per eining. Det ligg også med statistikk

¹ Samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv

som syner legemeld sjukefråvær fordelt på varigheit. Vi konstaterar at NAV med dette overheld sin del av avtalen jf. avtalen punkt 3.1.

Mål og aktivitetsplan for Naustdal kommune

Etter IA- avtalen punkt 3.2 har kommunen ei plikt til å sørge for eit godt og inkluderande arbeidsmiljø i samarbeid og tett dialog med tillitsvalde, verneombod og dei tilsette elles. Denne generelle plikta vert ytterlegare konkretisert ved at IA- arbeidet skal setjast på dagsorden to gonger i året. På desse samlingane skal leiing, tillitsvalde og verneombod vere representerte.

I dokumentet Mål- og aktivitetsplan for Naustdal kommune syner innleiingsvis til at planen er utarbeidd med bakgrunn i samarbeidsavtalen mellom partane i arbeidslivet og at han referer seg til alle 3 delmål i samarbeidsavtalen. I arbeidet med denne planen ligg det at avtalepartane tileignar seg kunnskap om IA- arbeid og HMS- arbeid. Det vi ikkje kan sjå av sjølv dokumentet er verifikasjon på at han er utarbeidd mellom avtalepartane jf. punkt 3.3 i samarbeidsavtalen. Den vanlegaste måten å verifisere ein avtale, er at avtalepartane signerer avtalen.

I ein e-post frå november i fjor er temaet ei innkalling til samling med NAV arbeidslivssenter. Temaet på samlinga som fann stad den 25. november i fjor var ein gjennomgang av sentrale punkt i IA- avtalen og planlegging av eigne ml og aktivitetar i 2015.arbeidsmiljøet og sjukefråværet.

I mål- og aktivitetsplanen for Naustdal kommune er det under overskrifta «Administrative forhold» nedfelt som eit eige punkt at det skal gjennomførast 2 IA- møter kvart år. Haustmøtet skal vere ope for alle og det vert å halde i samband det «kommunedagen». Det er spesifisert i planen at programmet vert å lage i samarbeid med verneombod, tillitsvalde og leiinga. Ansvar for gjennomføring er tillagt leiinga. Det andre møtet skal jf planen haldast i samband med eit HMS- møte på vårparten. Det møtet skal jf planen vere mellom leiinga, verneombod og tillitsvalde. I oversendt materiale frå kommunen er vedlagt ein e-post som syner at det den 25. november i fjor vart halde eit møte i samarbeid med NAV arbeidslivssenter der tema var ein gjennomgang av sentrale punkt i IA- avtalen og planlegging av eigne mål og aktivitetar i 2015.

Dokumentet oppfølging av sjukmelde-revidert 01. juli 2014

I avtalen punkt 3.4 er det eit krav om at ein sjukmeldt skal opplyse i kva grad sjukefråværet har samband med arbeidssituasjonen og at den sjukemeldte i dialog med næraste leiar skal medverke til å lage og gjennomføre oppfølgingsplan for å vere i eller komme tilbake til arbeidet. For å imøtekomme kravet stilt i 3.3 har Naustdal kommune eit eige handlingsprogram for oppfølging av sjukmelde. Dokumentet har overskrifta «Oppfølging av sjukmelde- revidert 1. juli 2014». Handlingsplanen syner kva tiltak som skal iverksetjast og kven som har ansvaret for gjennomføringa. Planen er inndelt etter tal dagar den tilsette er sjukmeld. Av planen går det fram at oppfølgingsplan skal utarbeidast i samarbeid med den tilsette når sjukmeldinga strekker seg over 4 veker. Det er i dette dokumentet spesifikke krav til kva innhald ein slik oppfølgingsplan skal innehalde. Det skal vurderast i planen aktuell tilrettelegging eller tiltak, oppgåvene til arbeidstakaren, arbeidsevna og kva vidare oppfølging som skal skje. Den sjukemelde er pliktig til å informere om eigen funksjonsevne og kor lenge sjukefråværet vil vare. Den sjukemelde skal vere innstilt på å gjere andre arbeidsoppgåver om det kan medverke til raskare tilbakekomst til arbeidet. Om ikkje den sjukemeldte er tilbake til arbeidet etter 4 veker, skal det ved sjukmelding over 7 veker avtalast eit dialogmøte mellom den sjukmelde, bedriftshelsetenesta og lege. Ansvar for at eit slikt dialogmøte vert gjennomført er etter planen tillagt seksjonsleiar. I dokumentet er vidare tiltak ut over 7 veker skildra med visning til ansvar og rubrisert etter kor lenge vedkommande er sjukmeldt.

Punkt 3.3 i avtalen forpliktar dei tillitsvalde i lag med arbeidsgjevar og verneombod til å tileigne seg naudsynt kunnskap om HMS- og IA- arbeid. Dette skal skje jf avtalen gjennom medverknad og samarbeid med leiinga i arbeidet med å forme ut planar, mål og rutinar for IA- arbeidet i kommunen.

I ein oversikt frå 2013 var tematikken mellom anna drøftingar kring sjukefråværsoppfølging på dagsordenen. I desse drøftingane deltok ein utvida seksjonsleiargruppe og tillitsvalde. Denne samlinga fann stad i februar 2013.

7.2 Vurderingar og konklusjonar

Som vi tidlegare har nemnt i rapporten har våre kriterier, i og med operasjonaliseringa vi har gjort av oppdragsmandatet, vorte utleia frå IA- avtalen Naustdal kommune har inngått med NAV arbeidslivsenter Sogn og Fjordane

Slik vi ser det, har kommunen tilrettelagt for etterleving av inngått IA- avtale med dei planar og handlingar som er synt oss i form av framlagt dokumenter. Vi meiner resultatmåla og aktivitetmåla i planen samsvarar med dei krav som kommunen forpliktar seg på jf punkt 2 i IA – avtalen.

Når det gjeld den lokale Mål- og aktivitetsplanen for Naustdal kommune fekk vi under informasjonsinnhentinga opplyst at han vil bli noko endra i 2015. Vi meiner ein av endringane i høve det framlagde dokumentet bør vere at partane som har laga planen signer han.

Det vil etter vår vurdering styrke formallegitimiteten å få partane sin signatur på sjølv avtalen.

Resultatmåla i avtalen er slik vi ser det klare og etterprovbare. På delmål 1 «Sjukefråvær» skal sjukefråværet reduserast til under 7,0 % før utgangen av 2015. På delmål 3 «Livsfasepolitikk» skal gjennomsnittleg pensjonsalder ligge på 65 år i perioden 2014/15. Under delmål 2 «Personar med redusert funksjonsevne» nyttar kommunen omgrepet «Resultat» og ikkje «resultatmål». Naustdal kommune har som krav itl eige resultat at dei som har trong for tilrettelagde arbeidsforhold skal får det for å motverke at arbeidet gjer dei sjuke. Kommunen skal også ha fleire arbeidsplassar for personar som treng å prøve seg ut i arbeidslivet.

Det vil slik vi ser det bli viktig å rapportere i kva grad desse resultatmåla blir nådd. Grad av måloppnåing vil vere ein av fleire indikator på graden av suksess i arbeidet med å nå dei overordna måla for IA- avtalen. Det vert etter vår meining også viktig å evaluere dei tiltaka som ligg til grunn for dei resultat som er oppnådd.

At kommunen to gonger i året set IA- og HMS arbeid på dagsordenen slik som skildra i planen med ein kommunedag på hausten og ein om våren, samsvarar med kravet i IA- avtalen punkt 3.2. Intensjonen i avtalen punkt 3.2 om å involvere tillitsvalde og verneombod, er etter vår meining etterlevd når det i planen står at programmet for haustmøtet vert laga i samarbeid mellom verneombod, tillitsvalde og leiinga.

Som vi skildra under faktadelen har Naustdal kommune utarbeida dokumentet «Oppfølging av sjukemelde» med revisjon den 01. juli 2014.. Slik vi ser det har kommunen med denne handlingsplanen ein oversiktleg og informativ plan på når og korleis kommunen skal handle i høve tilsette som vert sjukmeldt. Handlingsprogrammet syner kva plikter både kommunen som arbeidsgjevar og den tilsette har ved sjukefråvær. Handlingsplanen legg tidleg² i sjukefråværet opp til at den sjukmelde og overordna skal utarbeide ein oppfølgingsplan med vurdering av arbeidsoppgåvene og arbeidsevna til den sjukmelde. Den sjukmelde skal vurdere kva som kan vere aktuell tilrettelegging, eller kva tiltak som kan være gode for å få den tilsette raskast mogleg attende til arbeid. Slik vi ser det er samsvarar oppfølgingsplanen med IA- avtalen punkt 3.4, som krev at også arbeidstakaren skal bidra og medverke til aktiv deltaking i utarbeiding av eigen oppfølgingsplan med mål om å komme attende til arbeid heilt eller delvis.

² Ut over 4 veker

Konklusjon

Naustdal kommune har gjennom sine planar og program for oppfølging av sjukemelde lagt godt til rette for å oppfylle dei krava som er avtala med NAV arbeidslivssenter i avtalen «Samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv»

Vi konstaterar at Naustdal kommune i samsvar med IA-avtalen set IA- og HMS arbeid på dagsorden to gonger i året med aktiv medverknad frå tillitsvalde og verneombod.

Det er i samsvar med IA-avtalen at styringsdokumentet «oppfølging av sjukemelde – revidert 01.2014» klart spesifiserer at også den sjukemelde har eit ansvar for å delta aktivt i arbeidet med å kome raskast mogleg attende i arbeid.

Tilråding: Vi meiner avtalepartane som står Mål- og aktivitetsplanen for Naustdal kommune bør vurdere å signere avtalen.

Vi tilrår at kommunen evaluerer ressursinnsats og måloppnåing i Mål- og aktivitetsplan for Naustdal kommune årleg, eller når kommunen har tilstrekkeleg datagrunnlag.

8 PROBLEMSTILLING 2:

Problemstilling : ” Rapporterar seksjon pleie og omsorg økonomidata i samsvar med kommunen sine økonomiske styringsdokument ? og har rådmannen ein eigenkontroll på at slik rapportering finn stad med rett innhald til rett tid ”

8.1 Fakta

Problemstilling : ” Rapporterar seksjon pleie og omsorg økonomidata i samsvar med kommunen sine økonomiske styringsdokument ? og har rådmannen ein eigenkontroll på at slik rapportering finn stad med rett innhald til rett tid ”

8.2 Fakta

For å svare opp på problemstillinga bad vi i eit møte med rådmannen om å få dei styringsdokument som skildrar kva krav som er stilt til seksjonane i utføringa av økonomirapportering til rådmannen. Vi har og som eit eige kontrollpunkt undersøkt status for refusjon sjukepengar. Det er også innhenta informasjon kring korleis rådmannen sjølv føl opp seksjonane i forhold til deira rapportering.

Rutinehandbok økonomi

I høve innhentinga av styringsdokument, registrerer vi at gjeldande rutinehandbok økonomi er frå 2006. Det har som konsekvens at fleire av visningane til paragrafar i kommunelova er forelda i høve gjeldande lov. Døme: Under overskrifta «Styring og kontroll» i økonomireglementet vert det synt til fylkesmannen sin kontroll og godkjenning av låneopptak etter kommunelova § 50.

§ 50 i dagens kommunelov omhandlar låneopptak. Fylkesmannen si godkjenning av låneopptak som ein generell regle er fjerna. Dei tilfella der kommunen sitt låneopptak krev statleg godkjenning ligg no i kommunelova § 60.

Eit anna døme på at rutinehandboka økonomi i Naustdal er forelda er å finne under overskrifta «Rådmannen sitt tilsyn. (Kommunelova § 23)» Der står det at etter kommunelova har kommunestyret det øverste tilsyn med den kommunale forvaltninga jf kommunelova § 60 nr.1 og at det løpande tilsynet skal utøvast av kontrollutvalet jf § 60 nr. 2. Desse lovhensivingane er ikkje korrekte etter dagens kommunelov. Kommunelova § 60 nr. 1 og nr. 2 er i dag reglar om statleg kontroll og godkjenning av økonomiske forpliktingar.

Rutinehandbok økonomi som kjelde for utleiing av kriterier til problemstillinga

I rutinehandboka finn vi i kapittel 3, underkapittel 3, med overskrifta «Kontrollrutinar» at kommunen har månadleg kontroll i form av at seksjonsleiarane kvar månad får framlagt ein rekneskapsrapport for sitt ansvarsområde. Hovudrapportar vert utarbeida 3 gonger i året. Det vil seie etter 4, 6 og 8 månader. Desse skal leggast fram som referatsaker til komiteane. Formannskapet får også tilsendt hovudrapportane med eit tillegg frå rådmannen der han lagar eit samandrag av rapportane. Hovudrapportane vert til slutt lagt fram for kommunestyret som referatsak. Rådgjevarane skal kommentere sitt ansvarsområde der avvik i høve budsjettet skal vektleggast. Rapportering frå seksjonane til rådmannen dannar grunnlaget for rådmannen sin rapportering til formannskap og kommunestyret.

Administrativt leiarmøte.

I Naustdal kommune har rådmannen kvar veke møte med seksjonsleiaren og tillitsvalde. På desse møta vert saker som vedkjem driftssituasjonen handsama. Rådmannen vert på denne måten informert om aktuelle saker og dei utfordringar seksjonane opplever frå veke til veke. Desse leiarmøta fungerer også som ein arena der driftsbeslutningar vert drøfta og avgjort. Vi bad om og har motteke eit møtereferat frå dette forumet. I notatsform vert dei einskilde seksjonane sine saker/ og eller nytt frå seksjonen nedskrive i referatet. I tillegg vert saker innmeldt frå leiarane handsama i dette forumet. I motteke referat finn ein kva konklusjon og eventuell avgjerd forumet har gjort i den einskilde innmeldte sak.

Budsjettrapportering

Eit sentralt styringsverktøy for rådmannen er budsjettrapporteringane frå seksjonane. Kvar månad med unnatak for januar skal kvar seksjon rapportere til rådmannen på faste data og opplysningar. Dei er pålagt å vurdere drifta, forbruk av lønsmidlar der seksjonsleiarane må svare på faste spørsmål i form av ja/nei svar. Seksjonane er også pålagt å rapportere avvik. Desse avvika skal rapporterast som eige notat til budsjettrapporten eller eventuelt gjevast som munnleg informasjon til rådmannen. Rådmannen går gjennom rapporteringane med seksjonsleiarane. Det vart i 2014 gjort ei endring på rapport skjemaet som skal oversendast til rådmannen. Endringa vart gjort etter ein intern evaluering av skjemaet nytta i 2013. I skjemaet for 2013 var det spurd etter tal avvik, medan det i 2014-skjemaet er føresett at avvika i siste periode vert rapportert. Ved å presisere skjemaet med rapporteringskrav på avvik, har rådmannen meir fyrstehandskjennskap til avvika, og ikkje som i 2013 der rådmannen vart gjort kjent med tal avvik. Vidarerapportering frå rådmannen til politisk nivå- formannskap og kommunestyre, skjer fire gonger i året i tillegg til handsaming av avlagt årsrekneskap.

Opplysningar innhenta i samband innkrevjing av refusjon sjukeløn

Uavhengig av korleis og kva rådmannen har av eigenkontroll, og intern økonomirapportering er det relevant å opplyse om status for sjukelønsrefusjon. Vi har difor kontakta rekneskapsrevisor og fått vite at det ikkje føreligg merknader til status eller innkrevjinga av sjukelønsrefusjon.

8.3 Vurderingar og konklusjonar

Vi har innleiingsvis under faktadelen til denne problemstillinga kort synt til at gjeldande rutinehandbok økonomi for Naustdal kommune er laga i 2006. Det er altså 9 år gammalt. Som synt i faktadelen er ein del av henvisningane forelda i høve kommunelova. Vår vurdering av reglementet er at det bør reviderast. Pr i dag er det etter vår oppfatning delvis utdatert. Vi har valt å ikkje gå nærare inn på overordna styringsdokument i denne forvaltningsrevisjonen, då det etter vår oppfatning ligg utanfor vårt oppdragsmandat. Men vi meiner likevel at det vi har sett i økonomihandboka indikerer at det bør vurderast å gjere ein grundig revisjon av ho.

Rådmannen har kvar veke møte med seksjonsleiarane og tillitsvalde der driftssituasjonen for den einskilde eining er hovudtema. Etter vår meining gjev det rådmannen tidsriktig og viktig informasjon i leiinga av kommunen. Slik vi ser det, er desse møta ein eigna arena for å raskt kunne ta tak i utfordringar tidleg. Det er slik vi vurderer det, eit viktig kriterium for å kunne styre ein organisasjon. Vi meiner at tema på desse møta også spelar ein viktig rolle i arbeidet med å styre godt. Rådmannen sin eigenkontroll er avhengig av styringsinformasjon som gjer det mogleg å tidleg ta grep om det skulle være naudsynt. At dei mellom anna har avvik som tema, er difor etter vår meining sentralt viktig.

I høve rutinehandbok økonomi skal kvar seksjon få framlagd rekneskapsrapport for sitt ansvarsområde, og det skal lagast hovudrapportar 3 gonger i året som skal leggest fram som referatsaker til formannskap og kommunestyre.

Slik vi ser det etterlever administrasjonen desse krava i rutinehandboka. Det vert i høve rutinehandboka gjort ytterlegare kontroll frå rådmannen si side i og med at han går gjennom månadsrapportane med seksjonsleiarane. Slik vi ser det er dette frå eit kontrollperspektiv positivt. Vi meiner seksjonane sin rapportering til rådmannen er i samsvar med rutinehandbok økonomi og rådmannen sine føringar. Vi meiner at rådmannen sin tette oppfølging av seksjonane i samband med månadsrapporteringa gjev eit godt grunnlag for eigenkontroll.

Konklusjon:

Seksjonane rapportertar økonomi- og avviksdatabar i samsvar med rådmannen sine føringar og rutinehandbok økonomi.

Rådmannen sin eigenkontroll med seksjonane vert ivareteken gjennom faste administrative leiarmøta og gjennomgang av seksjonane sin månadsrapportering til rådmannen.

Tilråding: Vi tilrår at rådmannen gjev ein vurdering og evaluering av gjeldande reglement og rutiner for økonomistyring til kommunestyret.

9 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA

Rådmannen har i e-post av 18.02.2015 svart at dei har gått gjennom rapporten om «Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring» Rådmannen har ingen særlege merknader til rapporten. Dei syner elles til oppdatert organisasjonskart som er oversendt.³desse merknadene til høyringa på forvaltningsrevisjons-rapporten:

10 UNDERSKRIFT PÅ RAPPORTEN

Denne rapporten er utarbeidd av Charles Litsheim i Kryss Revisjon

Førde, den 05.03.2015



³ Det oppdaterte organisasjonskartet er nytta i rapporten her.

11 REFERANSAR

Kommunelova	Budsjett og rekneskapsforskriftene
IA- avtalen	IA –samarbeidsavtalen, «Oppfølging av sjukmelde – revidert 01.07.2014
Delegasjonsreglement	
Rutinehandbok økonomi	Diverse styringsdokument utarbeida av rådmannen, e-postkorrespondanse
Saker til kommunestyret i Naustdal	Gjelder saker som omhandlar utviklingsplan for helse og omsorgssektoren, samt økonomirapportering i form av budsjettkontrollrapportar.

12 VEDLEGG TIL RAPPORTEN

12.1 Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav til at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig. Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Vi er etter kriteria i ovannemnde rettskjelder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit i utføringa av denne forvaltningsrevisjonen.

13 KVA FORVALTNINGSREVISJON ER

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i XXX kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging.

13.1 Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommunelova § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommunelova § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at intensjonen med ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre *systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader* ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og føresetnader. Vidare at forvaltningsrevisjonen skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla ”**RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon**” (pr. 01.02.2011) nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

13.2 KRYSS-Revisjon

KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommunelova § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

13.3 Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav til at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig.

Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Det er etter kriteria i ovannemnde rettskjelder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit, slik vi vurderer det, korkje ved oppstart av eller langs med i utføringa av denne konkrete forvaltningsrevisjonen: Vi har ingen nærtstående jf kl § 79, 2.ledd som innehar stilling eller interesser i reviderte kommune; det er ingen tilsette som har stilling utanom KRYSS – revisjon, ingen av oss har styreverv i kommunale verksemdar eller eigeninteresser i anna verksemd som kan påverke oss i utføringa av revisjonen.

13.4 Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium

KRYSS-Revisjon har nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon i arbeidet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei anerkjende metodane er å finne i RSK 001, og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden. I RSK'en heiter det mellom anna:

- ❖ I RSK 001, pkt 21, heiter det om **problemstillingar** i det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt m.a. at *revisor må ta utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet og sikre at problemstillinga er eigna til å svare på bestillinga.*
- ❖ I RSK 001, punkt 24, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer m.v. I mange tilfelle vil ”beste praksis” også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 22 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til.* Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖
- ❖ SK 001, pkt 23 seier at desse revisjonskriteria skal vere *grunngjeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 16.03.2015	Saksnr 016/15
-------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 14/349
-----------------------------------------	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 2 - 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
Kontrollutvals-arbeid – tiltak 06/09	13.02.09	13.02.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrappr frå fylkesmannen. - Kvalitetsrapportar tilsyn med revisor. - Orientering frå revisor.
Prosjektrekneskapar – investering (2010-2015)		12.05.10 Vedtak KU: - KU ber om status over pågåande inv.prosjekt. -KU ber om at rekneskap og sluttrapport vert lagt fram for investeringsprosjekt som er avslutta. 27.05.10 s. brev til Naustdal kommune. Ikkje motteke svar 27.03.12 Sendt nytt brev frå KU til Naustdal kommune, Ikkje motteke svar. Sjå sak 36/12 20.11.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar ei undersøking frå KRYSS-revisjon der det blir bedt om at det vert utarbeida ei oversikt over rekneskap og sluttrapportar for investeringsprosjekt under arbeid i Naustdal kommune. 20.11.12 Tinging sendt til KRYSS-revisjon. 21.5.14 Årsrekneskapen 2013 (Frå uttale) Det har ikkje vore lagt fram prosjektrekneskap for kontrollutvalet i 2013 slik reglementet til Naustdal kommune

		<p>krev, sjå omtala under atterhald i revisjonsmeldinga.</p> <p>Kontrollutvalet har sidan 2010 etterlyst prosjektrekneskap for ferdigstilte byggeprosjekt, og administrasjonen må legge dette fram i 2014.</p> <p>08.12.14: KU-sak 30/14: Informasjon ved rådmann Øyvind Bang-Olsen. Prosjektrekneskapa er no levert til revisjonen.</p> <p>Vedtak: Informasjonen vert teken til orientering.</p> <p>30.01.15: KU-sak 04/15, vedtak: <i>Saka vert utsett til neste møte.</i></p>
Naustdal kommune sin eigarskap i selskap	03.12.12	<p>KU-sak 42/12, vedtak: Kommunen vil utarbeide eigarskapsstrategi og eigarmelding for kommunalt eigde selskap innan 1. mai 2013.</p>
Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring, Prosjektplan 16/14	21.05.14	<p>Vedtak: Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leiing, sjukefråvær og økonomistyring, vert teken til orientering.</p> <p>Perioden vert avgrensa til å gjelde tidspunkt for ny organisering og fram til 1. mai 2014.</p> <p>21.5.2014 sendt KRYSS-Revisjon.</p> <p>Leveringsfrist: November 2014</p> <p>25.8.2014 Forvaltningsrevisor Charles Litsheim orienterte om framdrift. Leveringstid står fast.</p> <p>08.12.2014: KU-sak 32/14 med statusrapport (Rapporten er forseinka)</p> <p>Informasjonen vert teken til orientering</p>
Fylkesmannen: Tilsyn ved Naustdal barne og ungdomsskule 2014 31/14	8.12.14	<p>KU-sak 31/14, Vedtak: Informasjonen vert teken til orientering.</p>
Forvaltningsrevisjon: Sakshandsaming, vedtak og svargjeving 33/14	8.12.14	<p>KU-sak 33/14 – Val av nytt prosjekt 2014, Vedtak: Kontrollutvalet tingar følgjande forvaltningsrevisjon: Sakshandsaming, vedtak og svargjeving.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Revisjonen vert avgrensa til enkeltvedtak innan seksjon plan, næring, teknikk i 2014. 2. Følgjer kommunen forvaltningslova og offentleglova? <ul style="list-style-type: none"> • Er sakshandsaming, vedtak og svargjeving i tråd med gjeldande regelverk? • Vert vedtak og svar forma på ein måte som gjer dei klare og enkle å forstå? 3. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på neste møte i kontrollutvalet. 4. Frist for rapport frå prosjektet: 1. mai 2015. <p>8.12.14: Tinginga sendt til KRYSS Revisjon.</p> <p>30.01.15: KU-sak 05/15, vedtak: <i>Prosjektplan datert 6.1.15 for forvaltningsrevisjon om Sakshandsaming, vedtak og svargjeving vert godkjend.</i></p>
Reglement for kontrollutvalet med reglement for høyring 34/14	8.12.14	<p>8.12.14: KU-sak 34/14 – Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Framlegg til reglement for Naustdal kontrollutval datert 12.11.2014, vert vedteke. 2. Framlegg til reglement for høyringar i kontrollutvalet datert 12.11.2014, vert vedteke. <p>8.12.14: Sendt over til kommunestyret for handsaming.</p>

Tilsyn fosterheimsbarn	8.12.14	8.12.14: Frå sak 37/14 – Eventuelt: Tilsyn fosterheimsbarn Spørsmål til rådmannen: Til neste møte ønskjer kontrollutvalet svar på kva tilsynsordning Naustdal kommune har for fosterheimsbarn. 8.12.14: Spørsmålet sendt til rådmannen. 30.01.15: KU-sak 03/15: Rådmann Øyvind Bang-Olsen informerte. Vedtak 03/15: <i>Informasjonen vert teken til orientering. Rådmannen informerer på nytt i neste kontrollutvalsmøte.</i>
Møteplan 2015	8.12.14	8.12.14: Frå sak 37/14 – Eventuelt (første møte i 2015): Møteplan 2015 Fredag 30.1. kl 8.30. 30.01.15: Møteplan 2015, vedtak: <i>Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar:</i> <i>30. januar</i> <i>16. mars (ekstra møte om forvaltningsrevisjon og prosjektrekneskap)</i> <i>22. mai</i> <i>11. september</i> <i>4. desember</i>
Årsmelding 2014	30.01.15	30.01.15, KU-sak 08/15, vedtak: <i>Framlegg til årsmelding datert 5.1.14, vert godkjent.</i> 30.01.15: Sendt kommunestyret for handsaming.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 16.03.2015	Saksnr 017/15
-------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/138
-----------------------------------------	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).